

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 14. oktober 2020
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord Rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

SAKLISTE:

25/20 Godkjenning av protokoll frå møte 09.09.20

26/20 Referat- og orienteringssaker 14.10.20

27/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 – Vindafjord kommune

28/20 Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 Vindafjord kommune

**29/20 Val av revisjon frå 01.07.21– konkurransebasert eller interkommunalt samarbeid
- 2. gongs handsaming**

30/20 Politiske møte – Overføring på nett – kontrollutvalet si uttale

Ymse

Ølen/Aksdal, 07.10.20

Kristian H. Ressel (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett, unntatt i sak 29)
Kommunedirektør (til orientering)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.10.20	25/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.09.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 09.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 09.09.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.09.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 07.10.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Tysdag **9. september 2020** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Ressel.

MØTESTAD:	Vindafjord Rådhus, formannskapssalen og Teams
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 17.50
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Ressel (BBL), Olaug Mari Øen (Sp), Anne Tone Salte Andersen (H) og Eivind Hetland (Krf)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	2. vara Inga Elise Steinsland (Sp)
FORFALL:	Knut Severin Berge (Frp) – kort varsel, 1. vara Øyvind Oland (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen. Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes på Teams – Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Yngve Folven Bergesen i sak 18-19. Einingsleiar Rus- og psykiatri Tina Kvaløy i sak 18.
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Leiar fremma at sak 24 og endeleg handsaming av sak 20 blei utsett til eit ekstra møte i oktober. Medlemmene stetta hans framlegg, og blei samde om eit nytt møte 14.10.20. Sak 22 blei handsama før sak 21.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 16/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.06.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 16.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 16.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 17/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 26. Statusrapport pr. september 2020
- 27. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. september 2020
- 28. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
- 29. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 27.05.20
- 30. Protokoll frå representantskapsmøte i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS 10.06.20
- 31. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte» –
Kommunal Rapport

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Referatsaker 26 – 31 blir tatt til orientering.

SAK 18/20 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «RUS- OG PSYKIATRITENESTA»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Rus- og psykiatritenesta» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Leiar innleia og gjorde kort greie for saka. Rådmannen orienterte kort og viste til skriftleg tilbakemelding. Einingsleiar Tina Kvaløy forklarte korleis eininga hadde nytta tilrådingane frå revisor og rapporten i arbeidet med å lage betre rutinar og gjere tilbodet til brukarane betre. Ho meinte rapporten hadde vore til god nytte i dette arbeidet.

Rådmann og einingsleiar svara på spørsmål om mellom anna tal og aldersfordeling på brukarane, brukarråd og gjennomføring av brukarundersøkingar. Einingsleiar opplyste at avdelinga skulle ha ny brukarundersøking no i haust. Medlemmene stetta leiar sitt framlegg om at resultata av brukarundersøkinga blir lagde fram for utvalet og kommunestyret.

Utvalet takka for ei god oppfølging og tilbakemelding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Vindafjord kontrollutval ønskjer å få framlagt resultata av brukarundersøkinga innan rus- og psykiatri når den ligg føre.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Rus- og psykiatritenesta» til orientering.

Vindafjord kommunestyre ønskjer å få framlagt resultata av brukarundersøkinga innan rus- og psykiatri når den ligg føre.

SAK 19/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/RÅDMANNEN

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå rådmannen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Vindafjord kontrollutval har utforma felles spørsmål som kommunalsjefane blir bedne om å svare på, når det blir deira tur til å orientere i utvalet.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Rådmannen orienterte. Han gjorde greie for fakta om kommunen og administrativ organisering. Kommunen har stram økonomi. Årsbudsjett er på 750 millionar kroner. Han forklarte om økonomiske rammevedtak, gjeldsgrad og regionalt samarbeid.

Rådmannen svara på spørsmål om mellom anna lønnsutgifter, rapportering og tolking av KOSTRA-tal, avvik, internkontroll og meirforbruk innan helse og omsorg.

Olaug Mari Øen hadde formulert følgjande tre spørsmål, som utvalet var samd om å be kommunalsjefane inkludera i sine framtidige presentasjonar:

Kan det gjerast greie for korleis den enkelte avdeling ligg i henhold til budsjett, ved avvik vennligst kom med ei kort oppsummering på kvifor?

Kor mange avviksmeldingar er motteke ved din/dine avdelingar og på kva måte blir dei handterte?

Korleis er sjukefråværet pr. avdeling og kva evt. tiltak blir satt i verk for å redusere dette?

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå rådmannen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Vindafjord kontrollutval har utforma tre felles spørsmål som kommunalsjefane blir bedne om å svare på, når det blir deira tur til å orientere i utvalet.

SAK 20/20 ARBEIDET MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEG-VURDERINGAR OG PRIORITERING AV PROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar Deloitte sin presentasjon av risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

Vindafjord kontrollutval prioriterer følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024:

1.
 2.
 3.
- Osb.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Leiar gjorde greie for bakgrunnen for saka. Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes, som deltok på Teams, orienterte om arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar. Ho gjorde greie for korleis dei ulike prosjekta var markerte som raude eller gule ut ifrå ei risikovurdering.

Medlemmene gjorde sine prioriteringar av kva tema dei meinte var mest aktuelle for ein forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll i denne valperioden. Forvaltningsrevisor vil innarbeide medlemmene sine prioriteringar i framlegg til nye planar, som blir lagt fram i neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Vindafjord kontrollutval tar Deloitte sin presentasjon av risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

Forvaltningsrevisor vil innarbeide medlemmene sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til planar blir lagt fram for utvalet i neste møte.

SAK 21/20 BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN-KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontrollarbeidet i Vindafjord kommune for 2021 vert på i alt **Kr 772 000 eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	95 000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	212 000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	465 000

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Leiar gjorde kort greie for saka. Sekretær orienterte om dei ulike postane. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til budsjettframlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontrollarbeidet i Vindafjord kommune for 2021 vert på i alt **Kr 772 000 eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>95 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>212 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>465 000</i>

SAK 22/20 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2020**Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Regnskapsrevisor Else Holst-Larsen gjorde greie for erklæringa. Medlemmene hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Vindafjord kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 23/20 HANDSAMING AV INNSPEL TIL KONTROLLUTVALET**Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tar utgreiinga om «Handsaming av innspel til kontrollutvalet» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Sekretær orienterte og viste til informasjonen som var tatt inn i saka. Medlemmene meinte det var nyttig informasjon å ha med seg vidare, dersom ein blei kontakta/fekk innspel får innbyggjarar eller tilsette.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Vindafjord kontrollutval tar utgreiinga om «Handsaming av innspel til kontrollutvalet» til orientering.

SAK 24/20 VAL AV REVISJON FRÅ 01.07.21 – KONKURRANSE-BASERT ELLER INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Sekretariatet si innstilling:

ALTERNATIV A

Vindafjord kontrollutval vil tilrå Vindafjord kommune å **velje interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Sak om innhaldet i samarbeidsavtala vert lagt fram for utvalet før oppstart.

og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vel å gå inn i eit **interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Rådmannen legg fram sak om den nye selskapsavtala og finansiering av innskot seinare i haust eller på nyåret 2021.

ALTERNATIV B

Vindafjord kontrollutval vil tilrå Vindafjord kommune å **fortsetje og kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tenesta i nytt anbod hausten 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knyter til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21.

I konkurransegrunnlaget settast det opp følgjande **tildelingskriterier**:

- ☐ pris 35 %
- ☐ kvalitet 65 % (spesifiserast nærmare vedk. kompetanse, erfaring og løysingsforslag).

I fastdelen inngår hovuddel av rekneskapsrevisor sine oppgåver, dvs. revisjon av årsrekneskap, forenkla etterlevingskontroll, diverse attestasjonar, spillemiddelrekneskap, finansreglement, lån, bebuarrekneskap, EU-prosjekter, osv. (spesifiserast nærare i konkurransegrunnlaget).

I timebetalt oppdrag inngår bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Fullstendig beskrivelse av leveransen vil følge i «kravspesifikasjon».

Estimert verdi på avtalen er samla 0,5 mill. kroner årleg. Total kontraktsverdi er ca. 2 mill. kroner.

Desse beløpa beror på estimar med bakgrunn i historiske tall og skal ikkje medføre nokon forpliktelsar for oppdragsgjevar eller rettigheter for tilbydar. Det tas forbehold om endringar i volum som følge av endra økonomiske rammevilkår, prosjekter og kommunal aktivitet.

Rammeavtalen trer i kraft frå 01.07.21 og varer til 30.06.25. Oppdragsgjevar vil ha en opsjon på å forlengje avtalen i ytterlegare 1 + 1 år, i henhold til dei vilkår som er avtalt i kontrakten.

og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vel å fortsetje og **kjøre alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tenesta i nytt anbud hauste 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knytte til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21 på bakgrunn av innleverte tilbod.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Leiar gjorde kort greie for saka. Han gjorde framlegg om at saka blei utsett til ekstramøtet i oktober. Medlemmene stetta hans framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.09.20:

Saka blei utsett til nytt møte i oktober.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 14.10.20, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 09.09.20

Kristian H. Risset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.10.20	26/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.10.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 32 – 36 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

- 32. Statusrapport pr. oktober 2020
- 33. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. oktober 2020
- 34. KST-vedtak 22.09.20, sak 46/20 – oppfølging av rapport «Rus og psykiatritenesta»
- 35. KST-vedtak 22.09.20, sak 43/20 – oppdatering av kontrollutvalet sitt reglementet
- 36. FKT – medlemsinformasjon september 2020

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 07.10.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt oktober 2020 - kontrollutvalet

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	100 timar	Under utarbeiding	04.11.20	
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Plan for eigarskapskontroll	20.11.20	09.09.20/ 14.10.20			
Plan for forvaltningsrevisjon	20.11.19	09.09.20/ 14.10.20			
Risiko- og vesentlegvurderingar	20.11.19	09.09.20			
Rus- og psykiatritenenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20/ 22.09.20	Ventar på ny brukarundersøking

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
IKT og informasjonstryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/ 28.05.19	Avslutta
Samhandlingsreforma	16.11.16	13.09.17	31.10.17	25.04.18/ 29.05.18	Avslutta
Ny personvernlov	25.04.18	12.09.18			Orientering frå rådmann



Økonomirapport for kontrollutvalet, t.o.m. september 2020

Tal per 6. oktober

	Budsjett hittil	Rekneskap hittil	Avvik	Budsjett 2020
1100 Revisjon				
2 Kjøp av varer og tenester som inngår i komm.tenesteproduksjon	378	0	378	500
3 Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	333 207	242 935	90 273	444 451
4 Overføringer	82 467	60 734	21 733	110 004
7 Refusjonar (overføringer med krav til motyting)	-82 467	-60 734	-21 733	-110 004
Sum	333 585	242 935	90 651	444 951
1102 Kontrollutval				
1 Lønn inkl. sosiale utgifter	42 784	26 715	16 069	59 153
2 Kjøp av varer og tenester som inngår i komm.tenesteproduksjon	32 238	22 891	9 347	42 996
3 Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	148 500	153 750	-5 250	198 000
4 Overføringer	-	308	308	-
7 Refusjonar (overføringer med krav til motyting)	-	308	308	-
Sum	223 522	203 356	20 166	300 149

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
046/20	Kommunestyret	22.09.2020

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu
 Sak - journalpost: 20/2001 - 2020015265

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport - Rus og psykiatritenesta

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak i møte 09.09.20, sak 18/20, og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Rus- og psykiatritenesta» til orientering.

Vindafjord kommunestyre ønskjer å få framlagt resultata av brukarundersøkinga innan rus-og psykiatri når den ligg føre.

22.09.2020 Kommunestyret

Kontrollutvalet si innstilling samrøystes vedtatt.

KS-046/20 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Rus- og psykiatritenesta» til orientering.

Vindafjord kommunestyre ønskjer å få framlagt resultata av brukarundersøkinga innan rus-og psykiatri når den ligg føre.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vindafjord kommunestyre vedtok samrøystes i møte 19.11.19, sak 85/19:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Rus- og psykiatritenesta» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Vindafjord kommune har eit tilfredsstillande tilbod om tenester til personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem.

Undersøkinga omhandla også i kva grad kommunen i tilstrekkeleg grad sikrar brukarmedverknad på både individ- og systemnivå.

Revisjonen har følgjande tilrådingar:

1. Sikrar at dokument som skildrar ansvar og oppgåver er oppdaterte i samsvar med forskrift om
leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta
2. Ferdigstiller rutinar for koordinerande eining
3. Sikrar at kommunen sine rutinar knytt til psykiatri og rustenesta
 - a. viser til kva krav i regelverket dei er meint å ivareta
 - b. omtaler kva kommunale einingar som kan vere aktuelt å involvere og når i høve til brukargruppa, til dømes NAV eller pleie- og omsorgstenesta
 - c. omtaler kva rolle NAV har, og når tenestene skal vise brukarar vidare til NAV
 - d. omhandlar korleis personar som kjem i akutt bustadkrise skal følgjast opp vidare for å sikre at
behov blir ivareteke
 - e. tydeleg omhandlar korleis brukarmedverknad skal sikrast ved tildeling og evaluering av
tenester
 - f. omhandlar når kommunen skal tilby miljøtenester
4. Etablerer oversikt over kompetanse innan psykiatri og rusområdet, behov for opplæring hos
enkeltmedarbeidarar, kva kompetansebehov eininga har behov for no og i framtida, og
utarbeider ein plan for korleis kompetansebehov skal sikrast mellom anna for å førebu kommunen i høve til rusreforma
5. Går nærmare i dialog med brukarane og/eller deira representantar for å
 - a. undersøke nærmare kva koordinering brukarane saknar i tenestene og vurdere om det er
hensiktsmessig å sette i verk tiltak
 - b. innhente tilbakemeldingar omkring oppfølgingstenester dei meiner å ha meir behov for og kva
som blir oppfatta som god og tilstrekkeleg oppfølging etter opphald på DPS
 - c. få innspel til korleis kommunen på best mogleg måte kan informere om kommunen sitt tilbud
innan rus og psykiatri
6. Sikrar at midlertidig butilbod er organisert slik at bebuarane kan oppretthalde relasjonar og
sosialt nettverk mv. jf. rundskriv til sosialtenestelova § 27

Oppfølging/tilbakemelding

Vedlagt saka er rådmannen si tilbakemelding som blei motteke av sekretariatet 26.08.20. Rådmannen har punktvis gjort greie for korleis kvar av dei seks tilrådingane har blitt følgt opp.

Rådmannen skriv vidare at i tillegg til dei 6 områda revisjonen tilrådte at kommunen skulle sjå nærare på, så har kommunen og eininga også gått inn i sjølv rapporten og sett på einskilte punkt som revisjonen har stilt spørsmål ved og prøvd å forbetre desse.

I dei 10 vedlegga frå rådmannen er det gjort greie for ulike prosedyrar, rutinar og retningslinjer.

Sekretariatet sine kommentarar:

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav e og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan også rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå rådmannen viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging.

Handsaming i kontrollutvalet 09.09.20:

Leiar innleia og gjorde kort greie for saka. Rådmannen orienterte kort og viste til skriftleg tilbakemelding. Einingsleiar Tina Kvaløy forklarte korleis eininga hadde nytta tilrådingane frå revisor og rapporten i arbeidet med å lage betre rutinar og gjere tilbodet til brukarane betre. Ho meinte rapporten hadde vore til god nytte i dette arbeidet.

Rådmann og einingsleiar svara på spørsmål om mellom anna tal og aldersfordeling på brukarane, brukarråd og gjennomføring av brukarundersøkingar. Einingsleiar opplyste at avdelinga skulle ha ny brukarundersøking no i haust. Medlemmene stetta leiar sitt framlegg om at resultat av brukarundersøkinga blir lagde fram for utvalet og kommunestyret.

Utvalet takka for ei god oppfølging og tilbakemelding.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Kommunelova

Forskrift for kontroll og revisjon

Vedlegg:

Kontrollutvalgets innstilling i sak 18/20, om oppfølgingen av rapporten "Rus- og psykiatritenesta"

Tilbakemelding rapport Rus- og psykiatri

Tilbakemelding vedlegg 2

Tilbakemelding vedlegg 3

Tilbakemelding vedlegg 4

Tilbakemelding vedlegg 5

Tilbakemelding vedlegg 6

Tilbakemelding vedlegg 7

Tilbakemelding vedlegg 8

Tilbakemelding vedlegg 9

Tilbakemelding vedlegg 10

Tilbakemelding vedlegg 1

Sak 18-20 Oppfølging av rapport - Rus og psykiatri

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
043/20	Kommunestyret	22.09.2020

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu
 Sak - journalpost: 20/1599 - 2020013630

Vindafjord kontrollutval - Endringar av reglement etter ny kommunelov

Samrøystes vedtak i Kontrollutvalet og innstilling til Kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følgje av ny kommunelov. Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement.

22.09.2020 Kommunestyret

Framlegg til merknad frå Steinar Skartland (Krf):

Alle stader i reglementet der det står tittelen «Rådmannen» må endrast til «Kommunedirektøren».

Punkt 6, MØTE OG SAKSHANDSAMING. Legg til ordet «skal» i første setning. Dvs. endrast til: «Møta i kontrollutvalet skal haldast for opne dører, (...)»

Samrøystes vedtatt å legge merknad til vedtaket

Kontrollutvalet si innstilling til vedtak med merknad samrøystes vedtatt.

KS-043/20 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følgje av ny kommunelov. Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement.

Merknad: Alle stader i reglementet der det står tittelen «Rådmannen» må endrast til «Kommunedirektøren».

Punkt 6, MØTE OG SAKSHANDSAMING. Legg til ordet «skal» i første setning. Dvs. endrast til: «Møta i kontrollutvalet skal haldast for opne dører, (...)»

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vindafjord kontrollutval handsama i møte den 16.06.20, sak 13/20, reglementet for kontrollutvalet etter endringar i ny kommunelov.

Kontrollutvalet v/sekretær Odd Gunnar Høie oversender skriv datert 18.06.20:
 Reglement til kontrollutvalet – endringar etter ny kommunelov – oversending av sak til Kommunestyret.

Det vert bedt om at saka vert lagt fram for kommunestyret.

Saks- og faktaopplysningar

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.20:

Leiar innleia og gjorde greie for bakgrunnen for saka. Medlemmene uttrykte at dei var nøgd med oppsettet av nytt og gammalt reglement i vedlegg, som gjorde at det var lett å sjå endringane. Utvalet hadde ingen merknader til innhaldet.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om kontrollutval

Vedlegg:

Særutskrift sak 13-20

Sak 13-20 Reglement for kontrolutvalget - endring

Oppdatert reglement 2020

Reglement for Vindafjord kontrollutval

Vedteke av Vindafjord kommunestyre 14.06.11, sak 28/11, endra 28.10.14, sak 74/14 og 22.09.20, sak 43/20

VIRKEOMRÅDE

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval og revisjon, vedteken av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. juni 2019 med heimel i kommunelova § 23-2, § 24-2 og § 24-4 gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande:

INNLEIING

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjere om vedtaket, jf. kommunelova § 22-1.

1. KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre kontroll med kommunen si verksemd, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal drive politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøve politiske prioriteringar gjort av andre folkevalte organ eller andre kommunale organ.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer har rett til deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring, tilsvarande som for kommunestyremedlemmene.

2. FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte,
- det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga er i samsvar med lov og vedtak

- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale verksemda,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad.

3 VAL OG SAMANSETTING

Kontrollutvalet skal ha minst 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmane i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiar kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyra same gruppe som ordføraren. Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av folkevald organ med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valbare. Utelukka frå val er òg personar som har leiarstilling, eller er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i et selskap som kommunen har eigarinteresser i eller i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunestyret kan når som helst skifte ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

4. GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgje lov og forskrift og - så langt det høver- dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Vindafjord kommunestyre, jf. reglement for kommunestyret og politiske utval.

4.1 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer og *varamedlemmer* skriv under eigen teieplikterklæring.

4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunen sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppmoda til registrere seg i KS sitt styrevervregister.

5. OPPGÅVER

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansaret for å gjennomføra vedtak ligg til kommunedirektøren, jf. kommunelova § 13-1. Utvalet skal føra kontroll med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

5.1 Internkontroll

Kontrollutvalet fører kontroll med at kommunen si verksemd er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internkontrollopplegg, jf. kommunelova kapittel 25, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

5.2 Årsrekneskap

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapane, med kopi til formannsskapet. Kopien må vere formannskapet i hende tidnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

5.4 Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjere dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyre sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetje reglar forkontrollutvalet si kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap omtalt i kommunelova §23-6 fyrste ledd og kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.

Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

5.5 Gransking

Kontrollutvalet skal kunne setje i verk gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar.

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

5.6 Orientering frå kommunedirektøren

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre kontroll med kommunen si verksemd be Kommunedirektøren orientere om aktuelle saker og tema.

6. MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet skal haldast for opne dører, jf. kommunelova § 11-5, såframt utvalet ikkje vedtek noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt, jf. kommunelova § 11-5.

6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Kommunedirektøren får alltid tilsendt innkalling med saksliste til orientering, og må møte når han vert kalla inn til møta. Kommunedirektøren eller andre tilsette i kommunen kan bli innkalla til kontrollutvalet for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal kommunedirektøren bli orientert om dette på førehand.

Kommunedirektøren kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvals-leiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitere eksterne personar for å opplyse eller orientere om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrift, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "*ikkje offentleg, jamfør off.lova.*" vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

6.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemmene er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemmene set seg imot dette.

6.3 Inhabilitet for folkevalte

Kommunelova § 11-1 gjeld òg kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vere med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

6.4 Melding frå utvalet

Det skal førast møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlange utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og kommunedirektør, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og skal vere sendt ut på førehand. Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til kommunedirektøren når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho eller som kopi når revisjon eller andre er mottakar.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken kommunedirektør eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for forvaltningsrevisjon,
- plan for eigarskapskontroll,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportar frå gjennomførte eigarskapskontrollar og
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen.

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal sendast til ordførar.

6.5 Oppfølging

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

6.6 Fråsegner/uttale

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

6.7 Innsyn og undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syte for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre kontrollar frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der ein kommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eigar alle aksjar.

Kontrollutvalet si innsynsrett og rett til å gjere undersøkingar gjeld også overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsyn og undersøkingar skal imidlertid berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakt er oppfylt.

Det ligg føre plikt for kommunedirektøren å rapportere eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportere dette vidare til kontrollutvalet.

6.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskap vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om eigarskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet legg fram årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

7 ANDRE FORHOLD

7.1 Sekretariatet

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

7.2 Bruk av sakkyndig hjelp

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

7.3 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontrollarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage framlegg til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til årsbudsjett til kommunestyret etter kommunelova kapittel 14.

7.4 Møte- og talerett i kommunestyret

Leiaren og nestleiaren har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

7.5 Informasjon

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

7.6 Val av revisjonsordning

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

7.7 Val av revisor

Dersom kommunestyret vedtek å konkurranseutsette heile eller deler av revisjonen, gjer kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

7.8 Val av sekretariatsordning

Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontrollutvalet. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-7.

8. HØYRING

8.1 Virkeområde og føremål

Kontrollutvalet kan holde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meiner ein her eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bede om å møte for å få nærare opplyst ei spesiell sak eller eit saksområde.

Formålet med reglementet er å sikre at kontrollutvalet og kommunestyret får den informasjon som dei treng i kontrollsaker, ei god framdrift i høyringa, samstundes som omsynet til dei som blir kalla inn blir teke vare på.

8.2 Førebuing av høyring

Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal vedta at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet være open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa skal være lukka. Vedtaket om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må være grunna med gyldig lovheimel.

Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet venter å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet kunne vente å få grunnlag for kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilte saksførebuande møte. Kontrollutvalet bør gjennomgå dei problemstillingane som dei ønskjer skal bli opplyste, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som det er naudsynt å innhente for å gjennomføre høyringa. Vidare bør det òg bli fastsett ein framdriftsplan for høyringa.

I dei saksførebuande møta fastset kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudspørjarar under høyringa, jf. pkt. 8.4. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudspørjarar også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemmer. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka breitt opplyst.

8.3 Den innkalla si stilling

Kommunedirektøren/kommunedirektøren har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan innkallast direkte for å møte til høyring. Kommunedirektøren skal i slike tilfelle alltid varslast, og skal ha høve til å vere til stades. Spørsmål skal stillast direkte til den som er innkalla, men Kommunedirektøren skal gis høve til å supplere forklaringa om han/ho meiner det er ønskeleg.

Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

Den som blir kalla inn eller invitert til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogleg. Innkallinga skal angi den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggjast ved. Det skal vidare opplysast om høyringa skal være open, og at det vil bli tatt referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument, viss ikkje reglar om unntak frå offentlegheit/ teiepliktfastset seier noko anna.

Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er under lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få gje forklaring heilt eller delvis for lukka dører. Dersom det blir sett fram slik oppmoding, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.

Den innkalla skal ha høve til å ha med ein medhjelpar. Den innkalla har rett til å konferere med hjelpar før svar blir gjeve. Dersom møteleiar gjer høve til dette, kan hjelpar supplere forklaringa. Dersom hjelpar krev honorar må betaling av desse utgiftene bli avklart på førehand.

8.4 Gjennomføringa av høyringa

Opero AS	Arbeidstreningsbedrift	AS	1,6 %
Norsk bane AS	Planlegge og realisere eit høyfarts-banenett i Noreg	AS	0,984 %
Sparebanken øst SPA	Bank	SPA	0,21 %
Sparebank 1 BV SPA	Bank	SPA	0,15 %
Helgeland sparebank SPA	Bank	SPA	0,09 %
Sparebanken vest SPA	Bank	SPA	0,07 %
Sparebank 1 nordvest SPA	Bank	SPA	0,05 %
Sparebanken sør SPA	Bank	SPA	0,05 %
Sparebank 1 Nord-Norge SPA	Bank	SPA	0,05 %
Sandnes sparebank SPA	Bank	SPA	0,04 %
Sparebank 1 SMN SPA	Bank	SPA	
Sparebank 1 Østfold Akershus SPA	Bank	SPA	0,03 %
Sparebanken Telemark	Bank	SPA	0,02 %
Sparebank 1 Østlandet	Bank	SPA	0,01 %
Biblioteksentralen SA	Engroshandel med bøker, aviser og blader	Samvirkeføretak	
Skjold arena – kultur og idrett SA	Eige og leige ut kulturlokale til innbyggjarar og organisasjonar	Samvirkeføretak	23,4 %
Ølen kulturhus SA	Eige og leige ut kulturlokale til innbyggjarar og organisasjonar	Samvirkeføretak	35,7 %
Imsland bygdahus SA	Setje opp og drive kulturlokale for innbyggjarar og organisasjonar	Samvirkeføretak	ukjent
Sandeid Samfundshus SA	Setje opp kulturlokale til innbyggjarar og organisasjonar	Samvirkeføretak	ukjent

Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Vindafjord kommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.4 følgjer den administrative organiseringa i Vindafjord kommune jf. kommunalsjefane sine ansvarsområde.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risikovurdering
	Høg risiko På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.
	Middels risiko På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og at vurderingane er baserte på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

3.1 Stab og sektorovergripande funksjonar

Administrasjon og stabsfunksjonar inneber mellom anna servicetorg, arkiv, løn, personal, økonomi og IKT, samt ansvar for digitalisering, informasjonstryggleik og personvern. Vi vil også her omtale andre sektorovergripande funksjonar knytt til klima, investeringar og beredskap. Folkehelse vil også bli omtala i dette kapitelet.

Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar / moglege konsekvensar	Risiko
Bemanning og sjukefråvær • Rekruttering • Sjukefråvær • Heiltidsstillingar • Vikarbruk	I undersøkinga blir det peikt på at sjukefråvær får store ringverknadar i kommunen, og det blir vist til at det burde vore retta meir merksemd mot å redusere sjukefråværet. Kommunen har ifølgje årsmeldinga for 2019 delteke i eit samarbeidsprosjekt med KS og NAV arbeidslivssenter om å redusere sjukefråværet. Prosjektet skal vidareførast med støtte frå arbeidslivssenteret. I plangrunnlaget til budsjettet går det fram at dei sju einingane med høgast fråvær er plukka ut som deltakarar i arbeidet. I følgje årsmeldinga gikk sjukefråværet ned i 2019, og enda på 6 % det året. Kommunen har som mål om at sjukefråværet skal vere under 6 %. Fleire viser til at kommunen generelt er pressa på bemanning og drift. I årsmeldinga blir det vist til at det er store rekrutteringsutfordringar på nokre grupper, mellom anna sjukepleiarar. Det går også fram at kommunen ønskjer seg fleire tilsette i heiltidsstillingar. Det blir vist til at dette både er avhengig av at kommunen kan tilby heiltidsstillingar og at tilsette ønskjer å arbeide i heile stillingar. I årsmeldinga for 2019 blir det også vist til at bemanninga innanfor rammeområde administrasjon og fellesdrift er sårbar, ettersom det kan vere utfordrande å skaffe kvalifiserte vikarar til spesialiserte tenestekområde som til dømes lønsavdelinga.	• Høgare kostnader ved behov for vikar • Ikkje tilstrekkeleg tenester/sårbare tenester	
Internkontroll og kvalitetssystem	Krav til kommunens internkontroll er styrka i ny kommunelov. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at internkontrollen i kommunen ikkje er tilstrekkeleg. I tillegg blir det peikt på at det er vedtatt at oversikt over avvik i tenestekområda skal rapporterast til politisk nivå, men at dette ikkje blir gjort. Rådmannens internkontroll blir føreslått som forvaltningsrevisjonsprosjekt i spørjeundersøkinga. I intervju blir det vist til at kommunen brukar eit elektronisk kvalitetssystem som også inneheld avvikssystem. Det blir ikkje vist til	• Brot på lov- og regelverk • Ikkje tilstrekkeleg interkontroll	

	særskilte utfordringar knytt til dette i intervju, men det blir kommentert at kommunen sikkert burde dedikert meir ressursar til å følgje opp kvalitetssystem og internkontroll. I plangrunnlaget til budsjettet for 2020 går det fram at rådmannen sin internkontroll i dag består av fleire ulike element som interntilsyn, rapporteringsrutinar, avvikssystem, og at alle dei ulike elementa skal vere samla i kvalitets- og avvikssystemet Risk Manager. Vidare går det fram at Risk Manager vil utfasast i 2020, og at det då vil vere behov for å gå til innkjøp av nytt system.		
Saksførebuing og vedtaksoppfølging	I spørjeundersøkinga blir det peikt på at nokre gangar manglar informasjon, tydelege alternativ og konsekvensutgreiingar i saksførebuingar. Vidare blir det peika på at oppfølginga av politiske vedtak tek lang tid og at det ikkje er ein kalender med oversikt over politiske vedtak. I intervju blir det vist til at dei fleste vedtak blir følgt opp sjølv om det i nokre tilfelle kan ta litt tid, men det blir også gitt døme på vedtak som ikkje er følgt opp. Elles blir det kommentert at systemet for å halde oversikt over saker fungerer greitt, men at det nok ikkje er heilt optimalt. Det blir i spørjeundersøkinga også peikt på at rapporteringa på økonomi er noko mangelfull og at avvik frå vedteke budsjett ikkje blir rapportert i tråd med budsjettforskrift.	• Saker blir ikkje tilstrekkeleg førebudd • Vedtak blir ikkje tilstrekkeleg følgt opp	
Arkiv og offentlegheit • Ny kommunelov • Kommunikasjon • Sak-/arkivsystem	Vindafjord kommune har saman med seks andre kommunar på Haugalandet gått saman i eit fellesprosjekt om nytt arkivsystem. I spørjeundersøkinga blir det kommentert at sentraladministrasjonen har forbetningspotensiale innanfor arkivering, og det blir føreslått forvaltningsrevisjon på området. Også i intervju blir det peikt på at arkiv potensielt er eit risikoområde.	• Brot på lov- og regelverk • Redusert tillit i befolkninga • Tap av arkivmateriale	
Personvern og informasjonstryggleik • Komplisert personvernsregelverk	Det nye personvernregelverket som trede i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er utfordrande å etterleve GDPR-regelverk. I plangrunnlaget til budsjettet for 2020 går det fram at det er oppretta eit eige administrativt utval for å styrke arbeidet rundt informasjonstryggleik. Utvalet skal mellom anna ha kontrolloppgåver knytt til informasjonstryggleik. Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av IKT og informasjonstryggleik i 2018. Revisjonen konkluderte mellom anna	• Brot på lov- og regelverk • Viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avveie	

	med at kommunen ikkje hadde eit styringssystem for informasjonstryggleik som er i samsvar med krav i regelverket, samt peikte på at det er risiko for at kommunen som eit resultat av manglande kompetanse blant tilsette bryt med krav i regelverket knytt til handsaming av personopplysningar, og informasjonstryggleik i kommunen generelt.		
Digitalisering og IKT Digitaliseringsstrategi	I undersøkinga blir det peikt på at kommunen ikkje er gode nok på digitalisering, og at det manglar ein strategi for digitalisering og utvikling. Vindafjord kommune har felles IKT tenester med Etne kommune. I budsjettet for 2020 kjem det fram at ein har behov for å effektivisere og forbetre oppgåver samstundes som ein har redusert bemanninga. Etterspurnaden frå publikum etter fleire digitale tenester på nett aukar, men digitalisering er også kostnadsfult i form av innkjøp, lisensar i drifta og opplæring. I intervju blir det mellom anna vist til behov for å erstatte datamaskiner som ikkje kan oppgraderast til Windows 10.	- Ineffektive tenester - Redusert tillit i befolkninga	
Innkjøp - Rammeavtalar - Kompetanse - Kontraktsoppfølging	Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøpar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området. Kommunen er med i eit innkjøpssamarbeid på Haugalandet. I intervju er det fleire som viser til at det kunne vore nyttig å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av innkjøp ettersom det vanskeleg å etterleve regelverket og det potensielt er stor risiko. Mellom anna blir det peikt på at det kan bli gjort ein del innkjøp utanfor rammeavtalar innan teknisk sektor.	- Brot på lov- og regelverk - Mislegheiter knytt til innkjøp - Ikkje kostnadseffektive innkjøp	
Investeringar Planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt	Vindafjord kommune investerer ein litt høgare del av sine inntekter enn snittet i KOSTRA-gruppa (15,2 % mot 15 % i KOSTRA-gruppa). Vindafjord kommune har ein vesentleg høgare eigenfinansiering av investeringane samanlikna med KOSTRA-gruppa (40,9 % mot 28,2 %). Under er det lista nokre av dei største investeringane i budsjettet for 2020: 19,8 millionar til bustader til helse og omsorgsformål 7,9 millionar til næringstomter på Nerheim 4,9 millionar til oppgradering av kommunale bygg og anlegg 4,5 millionar til Sjøperlo kulturadministrasjon og vaksenopplæring 4,2 millionar til å dekke meirforbruket på beredskapssenteret	- Budsjettoverskriding - Utilstrekkeleg kvalitet	

- 3,5 millionar til nytt ventilasjonsanlegg i gymbygget/basseng Ølen
- 2,9 millionar til nytt ventilasjonsanlegg i Vindafjordtunet.
- 2,5 millionar til fornying av IT utstyr i administrasjonen
- 1,1 millionar til IT på skular

Totalt er det budsjettert med investeringar for 96 560 000 millionar i 2020.

I intervju blir det vist til at det er eit visst etterslep på investeringsprosjekt som følgje av at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet. Det blir opplyst at det berre er ein prosjektleiar på investeringar og bygg i kommunen.

I undersøkinga blir det også peikt på at inngåtte avtalar ikkje blir følgt opp godt nok, og at det synes å vere store budsjettsprekkar i fleire tilfelle. I intervju blir det stilt spørsmål ved om prosjektplanlegging- og styring er god nok. Mellom anna blir det vist til at det ikkje var budsjettert midlar til inventar i byggeprosjektet på rådhuset. Det vidare vist til at det ikkje i tilstrekkeleg grad blir budsjettert med vedlikehald og auka reinhaldsareal i samband med byggeprosjekt.

Beredskap

- Beredskapsplanar

I intervju blir det vist til at det i 2020 er gjennomført ny overordna risikokartlegging knytt til samfunnstryggleik og beredskap. Det blir også jobba med ei oppdatering av beredskapsplanen, mellom anna basert på erfaringar frå koronapandemien. Fleire peikar på at kommunen har handtert koronapandemien på ein god måte, og at ein har gjort seg nyttige erfaringar med smittevern, beredskap og kontinuitetsplanar på dette området.

I budsjett og økonomiplan for 2020-2023 blir det vist til at klimaendringar og klimakonsekvensar vil bli meir merkbare dei kommande åra. Vassområdearbeid for å oppnå god økologisk tilstand i alle vassforekomstar er eit område det er viktig å prioritere. Generelt sett er teknisk infrastruktur sårbar for klimaendringar, og kanskje spesielt vassleidningsnettet. Fornyng av leidningsnettet vil vere viktig i åra som kjem, både i forhold til tryggleik, kostnadar og klimakostnadar. Også i undersøkinga elles blir det peikt på at det er viktig å ha fokus på beredskap knytt til klima og miljø.

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at det er fleire område i kommunen som ikkje har breiband og der mobildekninga er særleg lav. Det blir jobba med fleire område for å sjå på om det er mogeleg å utbetre dekninga. I eit av intervjuja blir det også

- Manglande etterleving av krav i lov og regelverk
- Dårlig beredskap



kommentert at det er risiko knytt til at det manglar reservestrøm på ein av sjukeheimane.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det manglar risikoanalysar og handlingsplanar innan skulen. Konsekvensane av dette kan vere at det oppstår forvirring og at nokon handlar feil i beredskapssituasjonar. I intervju blir det vist til at det er gjennomført risikovurdering på mellom anna skuleskyting, cyberangrep og kva ein skal gjere dersom ein blir isolert ved ras på vegane. Det blir også vist til at ein har fått testa ut kontinuitetsplanar i samband med koronapandemien og at ein erfarer at dette har fungert.

Det er planlagt statleg tilsyn med beredskapsplikt og helseberedskap i 2020.

Klima, berekraft og miljø

- Utydelege mål

I spørjeundersøkinga blir det opplyst at kommunen ikkje har tydelege mål på klima, energi og miljø.

Det kjem fram av budsjettet at den reviderte kommuneplanen skal ta omsyn til miljøutfordringar og FNs bærekraftsmål.

I Kommunebarometeret 2019 blir det vist til at kommunens utslepp av klimagassar er ein god del over gjennomsnittet for landet. I følgje Kommunalbanken sin oversikt over klimarisiko i kommunane, er omlag 35 % av utsleppet i Vindafjord frå jordbruket.

- Manglande mål på området
- Ikkje tilstrekkeleg merksemd på klima, berekraft og miljø
- Klimautslepp

Samarbeid på tvers i kommunen

I intervju blir det i hovudsak gitt uttrykk for at ein opplever det interne samarbeidet i kommunen som godt, men enkelte peikar på at sjølv strukturen med sjølvstyrte einingar set einingane opp mot kvarandre mellom anna når det gjeld budsjett.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på nokre risikofaktorar knytt til samarbeid på tvers:

- Vindafjord kommune har hatt prosjektet «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) over tid, som handlar om å ivareta barn og unge på ein meir heilskapleg måte. Det blir stilt spørsmål ved korleis dette skal følgjast opp med målformuleringar og tiltak slik at dette prosjektet blir ein del av praksis.
- Det blir peikt på at Vindafjord er ein stor kommune med mange mål og mange einingar som skal nå felles mål
- Prosjektstillingar som ikkje blir vidareført, lite eigarskap til ulike prosjekt

- Manglande samordning

- Oppdelte tenester der ein ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å samarbeide/samhandle om felles mål.

Folkehelse og miljøretta helsevern	Folkehelseinstituttet sitt folkehelsebarometer viser at kommunen ligg signifikant betre an enn landet som heilheit på fleire indikatorar knytt til oppvekst og levekår, helsetilstand, og miljø, skader og ulukker. Samstundes er det nokre indikatorar der kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landet som heilheit. Dette gjeld delen personar over 45 år som leiger bustad, kollektivtolbod, valdeltaking samt vaksinasjonsdekning meslingar. I kommunen si årsmelding blir det vist til at det er arbeidd med å revidere oversiktsdokumentet som skal gi ei oversikt over samla utfordringsbilete innanfor folkehelse. Det er ifølgje årsmeldinga ikkje avsett direkte ressursar til folkehelsearbeidet, men at ein drar god veksle på tverrfagleg kompetanse. I intervju blir det vist til kommunen har utfordringar med å lukke avvik som går på miljøretta helsevern. Det blir kommentert at mykje av dette dreier seg om tilstanden på bygg. Mellom anna blir det vist til bygg som ikkje er tilrettelagt for rullestolbrukarar, samt veggar med brystpanel som må behandlast med belegg. Kommunale bygg vil bli nærare omtala i seksjon 3.3. Det blir også vist til at det er ei eining som ikkje har gjennomført førstehjelpskurs.	• Ikkje tilstrekkeleg folkehelsearbeid • Brot på regelverk	
------------------------------------	--	---	--

3.2 Oppvekst

Barnehagane, skulane, barnevern og PPT er leia av kommunalsjef for oppvekst. Det er fire barnehagar og tre oppvekstsenter i kommunen. I tillegg skal kommunen føre tilsyn med tre private barnehagar. Det er om lag 90 årsverk i barnehage. Kommunen har ni skular, alle med SFO-tilbod. Det er om lag 170 årsverk i skulen.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar / moglege konsekvensar	Risiko
Barnehage • Pedagognorma • Bemanning	I 2018 blei det innført pedagogorm og bemanningsnorm for barnehage, som inneber krav til kompetanse (pedagogar) og tal på vaksne per barn i barnehage. I budsjett og økonomiplan 2020-2023 går det fram at det framleis er nokre barne- og ungdomsarbeidarar som arbeidar på dispensasjon som pedagogisk leiar i barnehagane. Når det gjeld bemanningsnorma, går det fram at dette ikkje innebar endringar for kommunen då kommunen allereie hadde bemanning innanfor norma.	• Ikkje tilstrekkeleg gode tenester	

Det blir i budsjett og økonomiplan 2020-2023 kommentert at pedagognorma har gitt auka kompetanse i barnehagane. Samtidig har fleire fått planleggingstid, noko som inneberer at det er fleire timar tilsette er vekke frå direkte arbeid med barnegruppa på avdelinga.

I intervju blir det vist til at sjølve strukturen med mange og små barnehagar i kommunen gjer at det er krevjande å få rett kompetanse alle stader.

I spørjeundersøkinga kjem det fram at kommunen har fleire born i barnehagar frå ulike land, og det blir peikt på at det er utfordrande å legge til rette for tilstrekkeleg integrering.

KOSTRA-tal viser at delen barn 1-5 år i barnehage er noko lågare i Vindafjord kommune (90,6 %) samanlikna med kostragruppa (92,9 %) og landet utanom Oslo (92,4 %). I Kommunebarometeret 2019 blir det også peikt på at delen barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage er lågare i Vindafjord kommune (70 %) målt mot landet elles (82,8 % i snitt).

Det er full barnehagedekning i kommunen, men ikkje alle får plass i den barnehagen dei har som 1. prioritet. Det er ifølgje økonomiplanen venta at talet på barn i barnehagealderen vil gå ned dei næraste åra.

Grunnskule

- Kompetanse
- Bemanning
- Tidlig innsats
- Spesialundervisning
- PPT

I undersøkinga går det fram at det er fleire lærarar i Vindafjord som ikkje har tilstrekkeleg med kompetanse innan norsk, matte og engelsk til å oppfylle forskrift frå 2015³.

Vidare kjem det fram at kommunen kuttar ein del lærarstillingar, vikarbruk og assistentar på nokre av skulane i kommunen. I spørjeundersøkinga blir det peika på at uvissheit kring om Vindafjord skal ha færre grendeskuler eller ikkje, fører til lite forutsigbarheit for innbyggjarane.

I intervju blir det vist til at det er utfordrande å sikre kvalitet og kompetanse, også med omsyn til skulestrukturen med mange og til dels små skular. Nokre skular er også fådelte. Mellom anna blir det vist til bruk av assistent istadenfor pedagog, samt utfordringar knytt til morsmålsundervisning og to-språkleg undervisning. Vidare går det fram at kommunen ikkje har basseng til å oppfylle krava til svømmeundervisning og at det blir for lite timar til dette.

- Ikkje tilstrekkeleg gode tenester
- Brot på opplæringslova

³ Forskrifta må vere oppfylt innan 2025

Vindafjord og Etne har felles PP-teneste. I budsjettet for 2020 blir det peikt på at det er ei stor utfordring å møte statlege forventingar med dagens bemanning. PP-tenesta har i dag mange personsaker og mottok mange tilmeldingar. I intervju blir det vist til at PP-tenesta har stort trykk, men at ein samtidig opplever at det er laga gode ordningar for rettleiing til skulane og barnehagane.

I spørjeundersøkinga kjem det fram at nedskjeringar i budsjettet førar til at kommunen ikkje alltid kan tilby gode nok tenester innan tidleg innsats og spesialundervisning. Det blir i intervju også vist til at det kan skje at ein må bruke assistant istadenfor pedagog ved t.d. sjukdom. Vidare er det ei utfordring at kommunen ikkje har fast stillingsheimel for logoped i opplæring.

KOSTRA-tal viser at årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning er lågare i Vindafjord (126,2 timar) samanlikna med kostragruppa (148,7 timar) og landet utanom Oslo (139,9 timar). Delen elevar som får spesialundervisning er også lågare i Vindafjord (7 %) samanlikna med kostragruppa (8,4 %) og landet utanom Olo (7,8 %).

Når det gjeld resultat på nasjonale prøver, viser KOSTRA-tal at delen elevar på mestringsnivå 3-5 på 8. trinn i lesing er høgare i Vindafjord kommune (79,2 %) samanlikna med kostragruppa (73,6 %) og landet utanom Oslo (75 %). Når det gjeld nasjonale prøver i rekning er delen elevar på mestringsnivå 3-5 også høgare i Vindafjord (68,3 %) samanlikna med kostragruppa (67,5 %), men noko lågare enn landet utanom Oslo (68,7 %).

I følgje tal frå Kommunebarometeret er det ingen elevar som får leksehjelp på ungdomsskulen. Til samanlikning får 8,5 % av elevane på ungdomsskulen i skule-Norge leksehjelp.

Det blir opplyst at det skal utarbeidast barnehage- og skulebruksplan. I samband med dette skal eit eksternt konsulentbyrå utarbeide ein rapport som skal legge grunnlaget for vidare standard for barnehage og skule i Vindafjord kommune.

SFO

I kommunen si årsmelding for 2019 går det fram at nokre einingar har utfordrande barn som treng tett oppfølging av vaksne, og at det ikkje er ekstraressurs knytt til desse elevane på SFO. Det blir kommentert at det er ei utfordring å få eit godt tilbod til desse elevane, og det gjer at dei andre elevane får eit dårlegare tilbod.

- Ikkje tilstrekkeleg gode tenester



	Vidare går det fram at elevtalet går ned på dei minste einingane, som fører til at ein har mellom 4-8 barn i SFO. Det blir vist til at ein samarbeider med barnehagen om ei løysing der føresette har stort behov for SFO.		
Trygt og godt skulemiljø - Nye lovkrav - Mobbing	Det blei gjort endringar i opplæringslova frå 1. august 2017 (kap. 9 A) som mellom anne inneber skjerping av skulen og tilsette sine plikter når det gjeld å fange opp og undersøke tilfelle der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Tal frå skoleporten.no (Udir)⁴ viser at nokre elevar i Vindafjord opplever mobbing på skulen, og at det har vore ei auke i elevar som opplever mobbing. I 2017-2018 var det 6,7 % som hadde opplevd mobbing på skulen. I 2018-2019 auka dette til 11,8 %. For skuleåret 2019-2020 var det 11 % som hadde opplevd mobbing på skulen i følgje desse tala. I intervju blir det peikt på at det blir jobba med å sikre arbeidsmiljøet til elevane, men at det er risiko for å bryte regelverket på dette området. I kommunen sin økonomiplan for 2020-2023 går det fram at det er starta arbeid med å lage ein overordna plan for psykososialt arbeid i barnehagar og skular som skal ferdigstillast i løpet av 2020. I kommunen si årsmelding for 2019 går det fram at det er auke i utagerande ådferd blant barn og elevar. Dette gjeld både enkeltindivid og læringsmiljø. Det var meldt mange avvik knytt til utagering av elevar i 2019. I følgje årsmeldinga er det sett i verk fleire tiltak for å møte denne gruppa på ein god og utviklande måte.	Brot på lov og regelverk	
Tenester til barn med særskilte behov	Det blir opplyst at det blir arbeidd med å utarbeid rutinar for å oppfølging av barn med særskilte behov. Kommunen jobbar etter BTI-modellen, betre tverrfagleg innsats. Dette skal sikre at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen. I følgje kommunen si årsmelding for 2019 er samhandlingsmodellen langt på veg implementert i alle einingar, og handlingsrettleiarane er gjort kjent og blitt gjennomført for alle tilsette som har med barn og unge å gjere. I spørjeundersøkinga blir det føreslått å gjennomføre forvaltningsrevisjon av samarbeid i og synergieffekt av Familiens hus. Det er og fleire som peiker på at samhandlinga mellom einingar er for dårleg og at det er risiko for at barn og familiar ikkje får hjelpa dei treng.	- Ikkje tilstrekkeleg oppfølging av barn med særskilte behov - Brot på lov- og regelverk	
Barnevern - Ny barnevernlov - Høge kostnader	I budsjettet for 2020 blir det peika på at det kjem ny barnevernlov i 2020 som er gjeldande frå 2022/2023, og at det er varsla at denne vil føre til ei	- Budsjettoverskriding og høge kostnader - Brot på lov- og regelverk	

⁴ Tal frå Elevundersøkinga, trinn 7

- Fristbrot

stor endring i oppgåvefordeling mellom stat og kommune, kor kommunen vil få meir oppgåver og ansvar.

I spørjeundersøkinga kjem det fram at barnevernet har hatt fleire store utfordringar, utan at det blir nærare presisert kva utfordringar dette dreier seg om.

I budsjett og økonomiplan 2020-2023 blir det peikt på at kostnadane innan barnevern har stabilisert seg på eit nivå som overskridd budsjettet, og at barnevernet har hatt fleire plasseringar enn budsjettet. Tiltak i heimen har auka kraftig dei siste åra og det blir vist til at det ikkje er økonomisk berekraftig å oppretthalde dagens tenestetilbod.

KOSTRA-tal viser at brutt driftsutgifter per barn med undersøking eller tiltak er vesentleg høgare i Vindafjord kommune (76 877 kr.) samanlikna med kostragruppa (56 153 kr.) og landet utanom Oslo (54 769 kr.). Det er også vesentleg høgare driftsutgifter i kommunen både for barn som er plassert av barnevernet og for barn som ikkje er plassert av barnevernet samanlikna med kostragruppa og landet utan Oslo.

KOSTRA-tal viser vidare at undersøkingar med ei sakshandsamingstid innan tre månadar er vesentleg lågare i Vindafjord kommune (54 %) samanlikna med kostragruppa (87 %) og landet utanom Oslo (88 %).

Tal frå BUFDIR viser at fristbrot i undersøkingssaker var på 22,7 % i 2019. Verdien for fylket er på eit vesentleg lågare nivå (3 %). I 2019 hadde heller ikkje alle barn i hjelpetiltak tiltaksplan (90 % hadde tiltaksplan). Vidare viser tala at delen barn i fosterheim som ikkje har fått oppfølging i tråd med lovkrav var på 8,7 %, mot 7,2 % for fylket. I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at barnevernstenesta i 2019-budsjettet blei tildelt ein sakshandsamar/kontaktpersonstilling, og at dette saman med andre endringstiltak har medverka til at tenesta no handsamar alle saker forsvarleg og innanfor gitte fristar.

I intervju blir det vist til at det er gjennomført dialogmøte innanfor barnevern med fylkesmannen, og at det blei retta merksemd mot fristbrota. Med omsyn til område for forvaltningsrevisjon, blir det peika på at det kunne vore nyttig å fått ein gjennomgang av innhaldet i sjølve vedtaka, også sett opp mot andre kommunar, jf. at KOSTRA-tala viser at kommunen har vesentleg høgare utgifter knytt til tiltak og plasseringar. Elles blir det i intervju også kommentert at det har vore ei auke i saker til barnevernet dei seinare åra, utan at dei økonomiske rammene har auka tilsvarande. Det blir vist til at auka tilmelding er positivt, fordi det kan tolkast som at folk faktisk melder frå ved bekymring.

3.3 Samfunnsutvikling

Under kommunalsjef for samfunnsutvikling ligg einingane areal og forvaltning, tekniske tenester, reinhald, samt kultur- og læringsssenteret. Kultur vil derfor bli omtala i dette kapitelet.

Kommunen sine plikter og oppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova blir ivaretatt av Haugaland brann og redning IKS. Vidare er avfalls- og slamhandtering lagt til Haugaland interkommunale miljøverk IKS. Desse selskapa vil bli omtalt i kap. 4.

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til tekniske tenester/samfunnsutvikling

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar / moglege konsekvensar	Risiko
Plan- og byggesak • Sakshandsamingstid for byggesaker • Vakansar/fråvær • Inntektsprognosar • Oppfølging av ulovlege byggearbeid.	I budsjett og økonomiplan 2020-2023 blir det vist til at det har vore arbeid med å gjere kart, plan- og byggesak til sjølvkostområde, men at det er vanskeleg å kalkulere riktig gjennomsnittleg kostnad per sak. Saksbehandlninga har tidlegare vore delvis subsidiert av kommunen. Vidare blir det i årsmeldinga for 2019 peikt på at det er vanskeleg å gi ei prognose for inntektsnivået som følgje av at det er uvissheit knytt til aktivitetsnivå og tal på saker som kjem inn. I spørjeundersøkinga blir det peika på at økonomien ikkje er tilstrekkeleg til å følgje opp saker. Også elles i undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om kommunen klarer å følgje lov- og regelverk i plan- og byggesak. I intervju blir det peikt på at det truleg skulle vore meir oppfølging av ulovlege byggearbeid. Vidare går det fram av årsmeldinga for 2019 at det i ein periode i 2019 var redusert kapasitet på handsaming av byggesaker grunna oppseiing, og eininga gikk derfor glipp av gebyrinntekt. Det blir framheva at eininga er svært sårbar ved oppseiing eller langtidsfråvær. KOSTRA-tal viser at det i alt blei behandla 191 byggesaker i 2019, mot 168 året før. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesaker med tre vekers frist var 29 dagar i 2019. Kommunen har følgeleg ikkje klart å overhalde tre vekers fristen i alle saker. I Kommunebarometeret 2019 blir det vist til at kommunen braut fristane i 42 % av sakene. Det blir også peikt på at kommunen ikkje har ført tilsyn med byggesakene. I kommunen sin planstrategi blir det vist til at er gamle og dels utdaterte reguleringsplanar i tettstadane i kommunen.	• Regelbrot • Tapte inntekter • Redusert tillit i befolkninga	

Vedlikehald av kommunale bygg • Vedlikehaldsetterslep • Kapasitet	I budsjettet for 2020 blir det peikt på at høge kostnadar knytt til drift og stort behov for vedlikehald. Dette både som følge av talet på bygg, lite vedlikehald over tid og stor geografisk sprenging. I kommunen si årsmelding for 2019 går det fram at det er stort etterslep på vedlikehald av kommunal bygningsmasse, og at eit svært stramt driftsbudsjett gir lite rom for nødvendige tiltak innan drift og vedlikehald. Det går fram at eininga heller ikkje har tilstrekkeleg midlar til å få utført dei servicar og tilsyn som skal og bør gjerast, eller retta avvik. Det blir peikt på at det er tilført midlar til drift og vedlikehald for å i ei viss grad imøtekome dei auka kostnadane knytt til nybygga som er ført opp dei siste åra, men at det i framtida ikkje vil vere mogeleg å ta ned kostnadane utan å gjere vesentlege strukturendringar som tar ned bygningsvolumet. I spørjeundersøkinga er det fleire som peikar på at vedlikehaldsarbeid i kommunen ikkje er tilfredsstillande og arbeid ofte blir utsett. I tillegg blir det peikt på at tekniske tenester ikkje har tilstrekkeleg økonomi og ofte for lite ressursar. I intervju blir det peikt på at kommunen har fleire bygg med avvik som borde ha vore utbetra, mellom anna gjeld dette barnehage og skule. Det er tatt i bruk eit system for å halde oversikt over avvik og oppfølging av slike, men det er ikkje utarbeidd ein vedlikehaldsplan. Det blir kommentert at ein ikkje opplever at det er manglande rutinar knytt til vedlikehaldsarbeidet, men at det er eit struktur/ressursspørsmål. KOSTRA-tal for 2019 viser at utgifter til vedlikehald per kvadratmeter (eigedom) er omtrent det same i Vindafjord (81 kr.) som i kostragruppa (83 kr.).	• Dårleg inneklima og arbeidsmiljø • Mangelfulle tenester • Ikkje tilstrekkeleg tilrettelagde kommunale bustadar • Brot på regelverk
Kommunal veg	I undersøkinga blir vedlikehald av kommunal veg peikt på som eit risikoområde. KOSTRA-tal viser at utgifter til vedlikehald til kommunal veg er 14,5 % av dei totale netto driftsutgiftene til kommunale vegar og gater i Vindafjord kommune. Til samanlikning brukar kostragruppa i gjennomsnitt 35,6 % av driftsutgiftene innan vegar og gater til vedlikehald. Talet for landet utanom Oslo er 28,1 %. Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater per km er også lågare i Vindafjord kommune (75 343 kr.) samanlikna med kostragruppa (119 632 kr.) og landet utanom Oslo (147 655 kr.). I budsjett og økonomiplan 2020-2023 blir det vist til at kommunen har vedtatt å jobba for å bli godkjent som trafikk sikker kommune, og at dette blir ei utfordring og satsing i åra som kjem. Også når det gjeld	• Trafikkulykker • Vedlikehaldsetterslep • Høge kostnadar

	kommunale vegar blir det peikt på utfordringar knytt til å ha tilstrekkeleg midlar og kapasitet til å sikre vedlikehald. Gjennom overtaking av fleire byggefelt og utbygging av nye E134 i Skjold auka lengda kommunale vegar og fortau, og det blir vist til at det i utgangspunktet ikkje er sett av nok midlar til brøyting, veglys og vedlikehald. I kommunen si årsmelding for 2019 går det fram at det er stort etterslep på grusing og grøf팅 av vegar og vedlikehald av mellom anna kantstein, rekkverk, bruer og kaier. Det blir peikt på at etterslepet gjer at skadene pga. nedbør blir større enn dei ville vore om vegnettet var i betre stand.		
Vatn og avlaup • Sjølvkost • Lekkasjar	I budsjett og økonomiplan 2020-2023 blir det peikt på at leidningsnettet mange plassar er gammalt og har for stort omfang av lekkasjar, og at forbetring av leidningsnettet vil vere eit viktig satsingsområde for drifta framover. I Kommunebarometeret 2019 blir det også vist til at det i følge statistikken lek ein god del frå ledningsnettet i Vindafjord kommune. KOSTRA-tal viser at årsgebyra for vannforsyning og avlaupstenesta er noko høgare i Vindafjord kommune samanlikna med kostragruppa. Innan vatn ligg det ifølge budsjett og økonomiplanen store investeringar, som også vil medføre auka i gebyr. I spørjeundersøkinga blir det foreslått å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kostnader av alle sjølvkostområda i kommunen. Det blir peikt på at det er det er utfordrande å ha økonomisk kontroll over sjølvkostområde som til dømes vatn og avlaup og byggesak.	• Svikt i tenesta • Redusert tillit i befolkninga	
Reinhald	I kommunen si årsmelding for 2019 går det fram at det har vore noko sjukefråvær pga. belastningsskadar i eining reinhald. Det blir også peikt på utfordringar med å rekruttere medarbeidarar med fagkompetanse, samt utfordringar knytt til plass og system for handtering av smittetøy ved vaskeriet. Elles blir det mellom anna kommentert at nye bygg har blitt utvaska av byrå før arbeidet er ferdigstilt, og at eining reinhald i ettertid har måtte vaska ut romma på nytt. Det blir i intervju peikt på at ein har hatt godt samarbeid internt i samband med handtering av koronapandemien, mellom anna mellom reinhald, skule og teknisk.	• Sjukefråvær • Ikkje tilstrekkeleg god handtering av smittetøy	
Kultur	Nytt kultur- og læringssenter blei opna i 2019. Dette inkluderer kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring og frivilligsentral.	• Ikkje tilstrekkeleg kulturskuletilbod og bibliotektilbod	

Det blir opplyst i budsjettet for 2020 at Vindafjord er ein desentralisert kommune og det er difor vanskeleg å gje bibliotektilbod til alle. I tillegg kjem det fram at det er noko ventelister på kulturskulen, som i hovudsak skuldast mangel på lærarar. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at små einingar i kulturskulen gjer tilbodet deira sårbart ved sjukefråvær hos tilsette, og at elevar kan oppleve lite kontinuitet i eit ellers godt tilbod ved sjukefråvær.

I Kommunebarometeret for 2019 får kommunen låg karakter på fleire indikatorar, mellom anna knytt til bibliotek, tal på tilsette kulturarbeidarar i kommunen samt driftsutgifter til aktivitetstilbod for barn og unge.

3.4 Helse og omsorg

Under helse og omsorg ligg kommuneoverlege, tenestekontor, Ølen omsorgssenter og heimestenesta, Vindafjordtunet, helse, rus og psykiatri, tilrettelagde tenester og NAV. Legevakt på ettermiddag og kveld er lagt til Etne/Vindafjord interkommunale legevakt.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til helse og omsorg

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar / moglege konsekvensar	Risiko
Helsestasjon og skulehelse	Tal frå Kommunebarometeret 2019 viser at dekninga av helsesøster er lågare i Vindafjord kommune (67 årsverk per 10.000 småbarn) samanlikna med snittet for kommunane (106 årsverk per 10.000 småbarn). Det er også lågare jordmordekning i Vindafjord med 68 årsverk per 10.000 fødte, mot 84 årsverk i snitt. I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om skulehelsetenesta har tilstrekkeleg kapasitet til å hjelpe skulane med førebyggjande helsearbeid. I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at helsesjukepleiar ikkje er nok tilstade på skulane til å hjelpe alle.	- Ikkje tilstrekkeleg gode tenester - Regelbrot	
Rus og psykiatri - Ny eining frå 2019 - Lovkrav knytt til psykologkompetanse i kommunane	Eining rus og psykiatri er ny frå 2019. Netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem er ifølgje KOSTRA lågare i Vindafjord kommune (208,4 kr) samanlikna med kostragruppa (259,5) og landet utanom Oslo (542,3).	- Mangel på kvalifisert personell - Ikkje tilstrekkeleg gode tenester - Regelbrot	

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det peikt på at det generelt er god fagdekning i tenesta, men at ein ser at det kan vere utfordrande å få tak i kvalifisert personell. Det blir også peikt på at auke i talet pasienter med milde til moderate lidningar, samt den nye rusreformen aukar belastninga på tenesta.

Frå 2020 er det lovkrav om at kommunane skal ha psykologkompetanse. Det er ifølgje årsmeldinga for 2019 dialog med Etne kommune om interkommunalt samarbeid om kommunepsykolog.

Deloitte gjennomførte forvaltningsrevisjon innan psykisk helse og rus våren 2019. Basert på den informasjonen som kom fram i undersøkinga blei det ikkje avdekket forhold som tilsa manglar knytt til kommunen si utføring av tenestene innanfor psykisk helse og rus, men det kom fram at brukarane ikkje nødvendigvis opplever at det er god intern samhandling i tenestene.

Pleie og omsorg

- Institusjonstenester
- Heimetenester
- Vakansar og vikarbruk
- Kompetanse

I budsjettet for 2020 blir det opplyst at pleie og omsorg har vore gjennom ei stor omorganisering i 2019 med større grad av spesialisering av tenestene.

Det har vore behov for fleire ressursar for å møte auka pleietyngde på demens og langtidsavdelingane (Vindafjordtunet). I tillegg har det vore utfordrande å dekke inn helgevakter. Press på tenesta har ført til meirforbruk.

Institusjonstenestene i Vindafjord har i likskap med Vindafjordtunet utfordringar knytt til ressursar og bemanning, spesielt helgevakter. I tillegg kjem det fram at det er krevjande å få rekruttert sjukepleiarar, og omsorgssenteret har nytta ein del innleigd sjukepleiarkompetanse. Også i spørjeundersøkinga blir det peika på at mangel på sjukepleiarkompetanse førar til sviktande stabilitet i gruppa og at det er belastande for fast personell å stadig måtte lære opp nye personar.

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at det er ei utfordring å dekke opp for vakante sjukepleiarstillingar sjølv om det er rekruttert nye sjukepleiarar. Det blir vist til at tenesta også framover vil ha store rekrutteringsutfordringar, særskilt når ein ser på alderssamansetjinga blant dei tilsette (stor del av tilsette i høg alder). Det er ifølgje årsmeldinga jobba systematisk med førebygging og oppfølging av sjukemeldte, noko som har resultert i nedgang i sjukefråværet. Nokre einingar ligg likevel over måltalet på 7 %.

KOSTRA-tal viser at delen innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på sjukeheim er noko høgare i Vindafjord kommune (13,5 %) samanlikna med kostragruppa og landet utanom Oslo (begge 11,9 %). Samstundes er delen innbyggjarar over 80 år som brukar heimetenester lågare i Vindafjord kommune (31,4 %) samanlikna med kostragruppa (34 %), men noko

- Mangel på kvalifisert personell
- Ikkje tilstrekkeleg gode tenester
- Høge kostnader
- Regelbrot



høgare enn landet utanom Oslo (30,3 %). Dei nasjonale målsettingane er å legge til rette for at personar skal få bu lengst mogeleg heime i eigen heim, og at tenestene skal tilbys på beste effektive omsorgsnivå.

Fleire i spørjeundersøkinga peiker på at sjukdomsbilete for pasientar endrar seg og at det er fleire personar med komplekse helseutfordringar. Dette krev høg kompetanse blant personell og avansert utstyr, samstundes som at avdelinga har utfordringar knytt til å halde budsjett. Det blir også peikt på at det ikkje er kvalitetssikring av at t.d. serviceerklæringar blir gjennomførte i det daglege tenestetilbodet.

I undersøkinga blir det vidare peikt på behov for digitalisering og bruk av velferdsteknologi i eldreomsorga i kommunen. I kommunen si årsmelding for 2019 går det fram at det er avsett midlar til velferdsteknologi, og at kommunen er i gang med å innføre elektroniske medisindispensarar.

Elles blir det peikt på at ressurskrevjande brukarar vil vere ei framtidig utfordring ift. økonomi, kompetanse og rekruttering.

Tal frå Kommunebarometeret 2019 viser at bebuarar på sjukeheim får mindre tid med fysioterapi samanlikna med landssnittet. I Vindafjord får kvar bebuar i følge Kommunebarometeret 10,8 minutt med fysioterapeut i veka, medan landssnittet er 25 minutt i veka.

I årsmeldinga for 2019 blir det vist til at det er eit stort meirforbruk i pleie og omsorg. I økonomiplan 2020-2023 blir det vist til at det er nødvendig å lære av korleis det blir arbeidd i kommunar som har lukkast med å få kontroll på kostnadane og samtidig leverer gode tenester.

Fleire peikar på at det er ønskeleg med forvaltningsrevisjon innan pleie og omsorg. Det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon av økonomistyring i helse og omsorg i 2020.

Tenester til funksjonshemma

- Bustadar
- Aktivitet/arbeid

Eining tilrettelagde tenester yter tenester til funksjonshemma og utvikingshemma, og omfattar avlastning, støttekontakt, heimetenester og bistand i bustad med heildøgnsbemanning. I tillegg er det eit arbeids- og aktivitetssenter.

- Ikkje tilstrekkeleg gode tenester

Tal frå Kommunebarometeret 2019 seier at 86 % av dei funksjonshemma i Vindafjord får den hjelpa dei treng for å kunne delta i arbeid og studiar, men berre 66 % synes dei får dekkja behovet for bistand til å delta i fritidsaktivitetar.



Fylkesmannen gjennomførte i 2017 tilsyn med kommunen sine helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming. Det blei avdekket fleire avvik, og det blei konkludert med at kommunen ikkje sikrar at helse- og omsorgstenestene til personar med utviklingshemming er forsvarlege.

Det blir ikkje peikt på særskilte utfordringar knytt til tenester til funksjonshemma i dei intervjuar som er gjennomførte i samband med kontrollutvalet sitt planarbeid, men i budsjettet for 2020 blir det vist til at det er behov for fleire bustader med bemanning. I *Oppfølging av bustadssosial handlingsplan* er det planlagt å byggje sju nye bustader og ta i bruk fire «nye» omsorgsbustader.

I kommunen si årsmelding blir det vist til at arbeids- og aktivitetssenteret Gniset har hatt ei auke av brukarar, og at ein framover vil ha behov for å tilføre fleire årsverk for å kunne ta imot dei brukarane som har behov for tilbod etter vidaregåande skulegong. Det blir peikt på at fleire av desse har store hjelpebehov, og at dersom ein ikkje tilfører nye årsverk må ein tilby tenestene i bustadane der brukarane bur. Kommunen vil då ikkje kunne gje tilbod om arbeid/aktivitet.

Det blir også i årsmeldinga for 2019 peikt på at det er store utfordringar med å skaffe private avlastningsfamiliar, noko som gjer at ein i nokre tilfelle no gir tilbod om avlastning til små born inne på bemanna bufellesskap.

Sosiale tenester i NAV

- Sosiale ytingar
- Kommunale bustadar
- Lovendring arbeidsavklaringspen-
gar
- Aktivitetsplikt

Det blir i budsjettet for 2020 vist til at NAV har hatt ein auke i utbetalingar av sosialstønad som følgje av enda arbeidsmarknad og auke i levekårsutfordringar blant utsette grupper. Vidare blir det peikt på at det i kontekst av ein arbeidsmarknad i utvikling, fattigdom og levekårsutfordringar er ein del som tydar på at delen med låg inntekt blant barn, ungdom, unge vaksne og innvandrarar vil auke.

Vidare blir det peika på endringar i lovverket kring AAP (arbeidsavklaringspengar) i 2018 har ført til at mottakarar får mindre frå ordninga.

KOSTRA-tal viser ein reduksjon i talet på sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald frå 2018 (71 personar) til 2019 (59 personar). Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har også gått noko ned frå 2018 til 2019. I kommunen si årsmelding for 2019 blir det peikt på at behovet for ulike tilbod når ein skal stille vilkår om aktivitet (aktivitetsplikt for unge sosialhjelpsmottakarar under 30 år) kan vere utfordrande for ein mindre kommune med tanke på å tilby eit breitt spekter av tilbod. Dette gjeld også for deltakarar i kvalifiseringsprogrammet.

- Ikkje tilstrekkeleg gode tenester



I kommunen sin planstrategi blir det å sikre gode sosialbustadar peikt på som ei utfordring.

Bustadsosialt arbeid

I plandokumentet til budsjettet for 2020 blir det peikt på at det bustadsosiale arbeidet i kommunen har hatt eit godt løft dei seinare åra. Det blir peikt på at Vindafjord manglar omsorgsbustader med heildøgnsbemanning for eldre i det kommunale tenestetilbodet. Vidare går det fram at kommunen har eit relativt lågare tal kommunale bustader til utleige per 1000 innbyggjarar enn landet elles, men at ein kan møte dette mellom anna ved å inngå samarbeid med private aktørar om tilvisingsavtalar. Det går fram at Vindafjord som første kommune på Vestlandet har inngått slik avtale, og er i forhandlingar med utbyggjarar om fleire.

Det blir også kommentert at eksisterande bygningsmasse må målrettast ytterlegare i framtida, og at kommunen gjennom å gjennomføra små eller større ombyggingar kan tilby andre og betre bustader og tenester enn tidlegare.

- Ikkje tilstrekkeleg tilpassa bustadar



Integrering og flyktningtenester

I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om flyktningtenesta klarer å vere systematiske nok i integreringa.

Det blir peikt på at tenesta har vore underbemanna i mange år. I 2019 gjekk tenesta frå 2 til 3,6 årsverk. Det blei busett 13 flyktningar i 2019. Ei utfordring har vore å kvalifisere tenestemottakarar til ordinær utdanning og arbeid. I dag blir det mellom anna arbeidd med å få fleire språktreningsplassar og arbeidstreningsplassar i kommunen.

I kommunen sin planstrategi går det fram at kommunen har utfordringar med å skaffe eigna bustadar til flyktningar.

I spørjeundersøkinga kjem det fram at det i skule og barnehage er barn frå ulike land, og det blir peikt på at det er utfordrande å legge til rette for tilstrekkeleg integrering. Det blir også vist til at oppfølging av barn med krigs- og flyktningsbakgrunn som har utfordringar har vore ressurskrevjande for barnevernstenesta. Som det går fram under kap. 3.2 (omtale av grunnskule) blir det også vist til utfordringar knytt til morsmålsundervisning og to-språkleg undervisning.

Fylkesmannen gjennomførte i 2020 tilsyn etter introduksjonslova. Tilsynet gjaldt utarbeiding av individuell plan for deltakarar i introduksjonsprogram. Det blei gitt nokre pålegg frå Fylkesmannen om retting knytt til utarbeiding og endring i individuell plan.

- Ikkje tilstrekkeleg god busetting og integrering av flyktningar



Legetenester

I følgje kommunen si årmelding for 2019 var alle fastlegeheimlar dekkja i 2019. Det går fram at det blei leigd inn vikar i samband med sommarferieavviklinga. Det blir ikkje peikt på særskilte utfordringar knytt til legedekning, men det blir peikt på at det er utfordrande å få tak i vikarar for helsesekretærane på legekantora, og at ein bør sjå på andre løysingar slik at dette ikkje blir så sårbart.

- Sårbare tenester



4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnyttan
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Vindafjord kommune har eigarinteresser i åtte selskap som er deleigd med kommunar og/eller fylkeskommunar og 29 selskap som er deleigd med private eller statlege aktørar. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslåingar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Vindafjord kommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Vindafjord kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Øyane Asvo AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 50 %	Føremålet til selskapet er attføring og/eller sysselsetjing for yrkeshemma som elles har problem med å få arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden. Verksemda skal ikkje gje aksjonæranne økonomisk utbytte. Alt overskot skal koma attføringsverksemda til gode.		
Nøkkelpunkt	Øyane Asvo AS er eigd av Vindafjord og Etne kommune som har 50 % eigardel kvar.		
• Omdøme • Etikk • Delt offentleg eigarskap • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Samfunnsansvar	Nøkkeltala viser at selskapet har hatt ein stabil økonomi dei siste tre åra. Både eigenkapital og inntekter har auka, mens likviditeten har vore noko lågare enn det tilrådde nivået (2). Selskapa har aksjar i IMS Kjeden AS (1,04 %) og Etne Elektrisitetslag (1,05 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal⁵ (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	930	640	584
Inntekter	17 046	16 681	14 876
Resultat før skatt	290	56	534
Likviditet	1,05	0,91	1,24
Soliditet	5,89 %	3,62 %	3,52 %

Haugaland interkommunale miljøverk IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 15,3 %	Selskapet sitt føremål er å utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som høyrer naturleg saman med desse oppgåvene. Selskapet overtek såleis oppgåver som kommunane etter lova kan overlate til selskapet innafor desse områda, og som skal betalast av renovasjons- og slamgebyret.		
Nøkkelpunkt	HIM er eigd av Haugesund, Tysvær, Vindafjord, Etne og Bokn kommunar. Haugesund kommune er største eigar i selskapet med 57,5 % av eigarskapet. Nøkkeltala viser at selskapet har hatt ein negativ trend og gjekk frå omkring 1,9 millionar kroner i overskot i 2017 til -1,5 millionar kroner i underskot i 2019. Det tilrådde nivået for likviditet er 2, og rekneskapstala viser at det er indikasjonar på at likviditeten til HIM er noko under dette.		
• Omdøme • Samfunnsansvar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Delt offentleg eigarskap	I spørjeundersøkinga blir det peikt på auke i kostnader i HIM som følgje av regelverk og mykje administrasjonsarbeid. Selskapet har det heileigde dotterselskapet HiM transport AS og eigarinteresser i Rekom AS (2,11 %) som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	20 395	22 084	22 026
Inntekter	111 678	107 643	104 998

⁵ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

Haugaland interkommunale miljøverk IKS			
Resultat før skatt	-1 530	71	1 906
Likviditet	1,53	1,59	1,43
Soliditet	21,79 %	22,92 %	21,54 %

Haugaland vekst IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 9,09 %	Selskapet sitt føremål er på vegne av deltakarkommunane å drive nærings- og regionalutviklingsarbeid som elles normalt ville bli utført av kommunane sjølv, dvs. samarbeid for å fremje og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakarkommune.		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at selskapet generelt sett har hatt solid økonomi dei siste åra, men at det gjekk med eit lite underskot i 2019. Selskapet er eigd av 10 kommunar og Rogaland fylkeskommune, kor alle eig 9,09 % av aksjane kvar.		
- Omdøme - Delt offentlig eigarskap - Samfunnsansvar	Selskapet har dotterselskapet Lufthavndrift AS (100 %) som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	9 880	6 347	6 588
Inntekter	13 230	15 647	16 892
Resultat før skatt	-62	366	234
Likviditet	3,1	1,93	2,09
Soliditet	68 %	48,26 %	52,51 %

Haugaland næringspark AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 7,88 %	Haugaland næringspark er Norges største ferdigregulerte næringrområde med tilgong til eigen hamn og djupvatnskai.		
	Føremålet til selskapet er utvikling og sal av 5.000 dekar regulert næringsareal og tilhøyrande hamn lokalisert på Gismarvik i Tysvær kommune, primært for energi- og arealkrevjande industri og næringsverksemd. Selskapet sin eigedomsverksemd skal bidra til å sikre eksisterande og etablere nye arbeidsplassar, ved å leggja til rette for næringssynergjar i hele regionen. Medrekna å kunne delta i føretak som driver tilsvarande verksemd i regionen.		
Nøkkelpunkt			
- Omdøme - Delt offentlig eigarskap - Samfunnsansvar	Haugaland næringspark AS er eigd av Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord og Bokn kommunar. Karmøy kommune er største aksjonær med 46,05 % av eigarskapet.		
	Nøkkeltala viser at verksemda gjekk med underskot i 2017 og 2018, før verksemda auka inntektene monaleg og gjekk med eit overskot på omkring 8,1 millionar kroner i 2019.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	48 007	39 132	40 495
Inntekter	34 085	5 711	12 438
Resultat før skatt	8 117	-850	-1 032
Likviditet	16,78	3,5	1,9
Soliditet	21,96 %	18,81 %	20,29 %

Haugaland brann og redning IKS

Selskapet sitt føremål Eigardel: 7,74 %	Selskapet sitt føremål er å dekke alle kommunane sine plikter, oppgåver og behov i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova sine krav til kommunane, medrekna: ulykke- og katastrofesituasjonar som brann, redning, drukning og akutt forureining, nødalarmtenester 110, feiing og tilsyn med fyringsanlegg, arbeide med førebyggjande tiltak mot brann og ulykker, søke å selje tenester knytt til førebyggjande og beredskapsrelaterte tenester, inngå samarbeidsavtaler med kommunar, andre selskap og verksemdar. Selskapet kan ta på seg andre arbeidsoppgåver eigarane og selskapet måtte bli einige om.		
Nøkkelpunkt	Selskapet er eigd av ni kommunar på Haugalandet, kor Karmøy kommune og Haugesund kommune er dei største eigarane med høvesvis 37,16 % og 32,55 % av eigarskapet.		
- Omdøme - Delt offentleg eigarskap - Samfunnsansvar - Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	Det blir i undersøkinga peikt på at det har vore ein del uro knytt til at Haugesund kommune vedtok å trekkje seg frå samarbeidet. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er ein økonomisk risiko knytt til selskapet, men det blir ikkje nærare presisert kva denne risikoen består i. I intervju blir det vist til at politikarane berre i avgrensa grad har moglegheit til å ha kontroll på budsjett og kostnader. Det blir også peikt på at det kunne vore interessant å sett nærare på selskapet på litt sikt. Nøkkeltala viser at Haugaland brann og redning IKS gjekk med underskot og brukte mykje av eigenkapitalen i 2018. I 2019 auka selskapet eigenkapitalen og gjekk med overskot på 8,6 millionar. Det er indikasjonar på at likviditeten var under tilrådd nivå (2) i 2018 og 2019.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	49 239	1 248	4 156
Inntekter	107 384	3 683	5 000
Resultat før skatt	8 660	-2 930	4 156
Likviditet	1,07	1,01	5,98
Soliditet	29,74 %	1,39 %	83,29 %

Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

Selskapet sitt føremål Eigardel: 7,46 %	Føremålet med selskapet er å tilby sekretariattjenester til kontrollutvalet i deltakarkommunane og nærliggjande kommunar.		
Nøkkelpunkt	Karmøy kommune er største eigar i verkemda med 35,79 % eigardel og Haugesund kommune er nest størst med 30,99 % eigardel. Syv andre selskap har eigardel i verkemda.		
- Omdøme - Delt offentleg eigarskap - Samfunnsansvar	Verkemda har jamt over hatt ein solid økonomi dei siste tre åra.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	713	664	599
Inntekter	2 081	2 019	1 957
Resultat før skatt	49	65	31
Likviditet	3,31	3,3	3,07
Soliditet	70,59 %	70,34 %	68,15 %

Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 5,79 %	Verksemda skal arbeide for at arkivmaterialet frå deltakarane eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.		
Nøkkelpunkt	Selskapet er eigd av fleire kommunar i Rogaland og dei kommunalt eigde selskapa Ivar IKS og Ryfylke Miljøverk IKS. Sandnes kommune er største eigar med 13,49 %. Nøkkeltala viser at selskapet gjekk med underskot i 2017 og 2018 og overskot i 2019. Likviditeten har minka sidan 2017 og har vore på omkring 1,25 i 2018 og 2019.		
- Omdøme - Delt offentleg eigarskap - Samfunnsansvar	Det blei gjennomført ein selskapskontroll av verksemda i 2013.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	4 803	4 458	4 608
Inntekter	13 843	12 213	9 343
Resultat før skatt	346	-150	-605
Likviditet	1,26	1,24	2,82
Soliditet	21,8 %	21 %	66,07 %

Krisesenter vest IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 4,88 %	Selskapet skal, på vegner av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Selskapet skal vere eit rådgivande organ for eigarkommunane i etterleving av lova § 2 d).
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av 16 kommunar. Karmøy kommune er største eigar med 23,52 % av eigarskapet.
- Omdøme og etikk - Samfunnsansvar - Delt offentleg eigarskap	Verksemda har ikkje rapportert inn rekneskap til Brønnøysund dei siste åra.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Vindafjord tomteselskap AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 48,83 %	Føremålet til selskapet er å vere kommunen sitt reiskap til å leggja til rette for utvikling og sal av areal for bustadbygging, næring og fritidsbustader i kommunen, samt alt som naturleg høyrer til dette. All verksemd i selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Overskotet skal nyttast til utvikling av nye tomte- og bustadprosjekt.
Nøkkelpunkt	Vindafjord kommune er største eigar med 48,83 % av eigarskapet. Vindafjord arbeidsgiverforum eig 34,88 %, elles er det fleire mindre private eigarar med varierende eigardel. Nøkkeltala viser at inntektene til selskapet minka mellom 2017 og 2018 før dei auka i 2019. I 2019 gjekk selskapet med overskot.
- Omdøme - Delt eigarskap med private aktørar	I spørjeundersøkinga blir det gitt uttrykk for at det er sterke private interesser i tomteselskapet som det kan vere utfordrande for kommunen å handtere.

Vindafjord tomteselskap AS			
	Verksemda har eigarinteresser i Roa tomteselskap AS (33,33 %) og Vikaneset Panoarama AS (14,99 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	8 778	7 878	8 091
Inntekter	5 483	1 517	3 189
Resultat før skatt	912	-213	-432
Likviditet	7,3	89,31	255,43
Soliditet	25,77 %	24,06 %	24,45 %

Landbrukets hus AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 32,84 %	Landbrukets hus AS sitt føremål er å leige ut kontorlokale til tenesteprodusentar som har landbruk og anna næringsliv som målgruppe. Saman med leigetakarane, kommunen og evt. andre aktørar kan selskapet delta i utvikling av framtidsretta rådgjevingprodukt o.a. tenester for landbruk og anna næringsliv		
Nøkkelpunkt	Vindafjord kommune er største eiar med 32,84 % av eigarskapet. Selskapet er også eigd av Vindafjord Landbruk (20,52 %), Coop sørvest SA (16,42 %) og fleire andre private aktørar. Rekneskapstala viser at selskapet har hatt ein jamn økonomi dei siste åra.		
• Omdøme • Delt eigarskap med private aktørar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	1 804	1 702	1 668
Inntekter	654	635	642
Resultat før skatt	132	41	98
Likviditet	4,84	4,77	4,07
Soliditet	49,32 %	46, 69 %	44,19 %

Medvind 24 næringshagen AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 10,81 %	Selskapet skal som privat og kommersiell aktør byggje opp innovasjonskompetanse og medverke til vidareutvikling og etablering av bedrifter innan for KIFT (Kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting). Selskapet skal arbeide for å skape samlokaliserte miljø som gir fagleg og sosialt utbytte for bedrifter innan målgruppa.		
Nøkkelpunkt	Omega AS er største eigar i selskapet med 32, 43 % av eigarskapet. Nokre kommunar og fleire private aktørar har også eigardel. Økonomien til verksemda har vore solid dei siste åra.		
• Omdøme • Samfunnsansvar • Delt eigarskap med private aktørar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017

Medvind 24 næringshagen AS			
Eigenkapital	1 463	1 391	1 359
Inntekter	3 790	3 199	3 354
Resultat før skatt	94	11	33
Likviditet	2,81	3,01	2,51
Soliditet	65,81 %	68,05 %	61,41 %

Haugalandmuseet AS			
Selskapet sitt føremål	Føremålet er å gi kunnskap og oppleving om historia frå fortid til samtid for innbyggjarane. Haugalandmuseet AS skal vere blant landet sine leiande kysthistoriske institusjonar. Museet skal forvalte, forske på og formidle materiell og immateriell kultur. Museet skal vere ein venskapeleg faginstitusjon og ha ei aktiv samfunnsrolle. Formidling til barn og unge skal vektleggast. Museet skal bidra til at alle eigarkommunane får eit godt museumstilbod. Museet skal leggje til rette for frivillig deltaking i museumsarbeidet, medrekna å samarbeide tett med venneforeiningar som er knytt til museet.		
Eigardel: 7 %			
Nøkkelpunkt			
- Omdøme - Delt eigarskap med private aktørar - Samfunnsansvar	Haugesund kommune er største eigar i selskapet med 28 % eigardel. Fleire kommunar og private aktørar har også eigardel. Nøkkeltala viser at verksemda sin eigenkapital har auka dei siste åra og at økonomien generelt sett har vore solid.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	11 878	4 264	3 274
Inntekter	20 851	14 654	14 815
Resultat før skatt	51	-93	233
Likviditet	1,71	2,14	2,05
Soliditet	63,8 %	56,16 %	53,01 %

Grannar AS			
Selskapet sitt føremål	Verksemda sitt føremål er å gje ut eit bygdeblad for bygdene i Etne, Vindafjord og Ølen kommunar. Bladet skal vera eit partipolitisk ubunde kontaktorgan mellom bygdene, og det skal elles ta opp aktuelle emne i tida, både frå Sunnhordland, Nord-Rogaland og landet elles.		
Eigardel: 6,1 %			
Nøkkelpunkt			
- Omdøme og etikk - Delt eigarskap med private aktørar - Samfunnsansvar	Grannar AS er mellom anna eigd av Vindafjord, Etne og fleire private aktørar. Nøkkeltala viser at selskapet har jamn eigenkapital og jamne inntekter, men selskapet gjekk med underskot i 2019 og likviditeten er noko under det tilrådde nivået (2). Selskapet har dotterselskapet Etne 7 eigedom AS og eigarinteresser i Lokalavissamkjøringa landet rund AS (1,66 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	5 587	5 754	5 700
Inntekter	11 488	10 882	11 024
Resultat før skatt	-213	59	330
Likviditet	1,38	1,4	1,37

Grannar AS			
Soliditet	58,64 %	57,65 %	55,84 %

Haugaland kraft AS				
Selskapet sitt føremål Eigardel: 5,84 %		Føremålet til verksemda er eigarskap i selskap som driv produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, og som tilbyr sikker og kostnadseffektive breibandstenester, samt det som hermed står i samband med dette, medrekna å delta i andre føretak som driver tilsvarande verksemd. Selskapet skal også ta hand om konsern- og hovudkontorfunksjonar.		
Nøkkelpunkt		Selskapet er eigd av sju kommunar og kraftlagane Finnås kraftlag SA og Skånevik Ølen kraftlag AS. Nøkkeltala viser at selskapet har auka inntektene sine dei siste åra. Eigenkapitalen auka også monaleg i 2018. Likviditeten er derimot låg, og det er indikasjonar på at det er under det tilrådde nivået på 2.		
• Omdøme • Vesentlege verdiar • Samfunnsansvar • Delt eigarskap med private aktørar		I april 2020 gjorde generalforsamlinga i Haugaland kraft vedtak om å fusjonera med Fjeldberg kraftlag. Det er forventa at omorganiseringa er gjennomført innan 1. juli 2020.		
		Haugaland kraft har eigarinteresser i følgjande selskap som ikkje kjem under kommunelova §§ 23-6 og 24-10:		
		• Haugaland kraft energi AS (100 %) • Haugaland kraft fiber AS (100 %) • Haugaland kraft nett AS(100 %) • Afiber AS (80 %) • Sunnhordaland kraftlag SA (53,32 %) • Akslandselva kraftverk AS (21,1 %) • Sustainable energy AS (17,86 %) • Avaldsnes Elite AS (10,06 %) • No-UK com AS (7,92 %)		
		I tillegg har verksemda nyleg fått eigarinteresser i Havnekraft AS.		
		Det blei gjennomført selskapskontroll av selskapet i 2011, og ein kombinert selskapskontroll av selskapet saman med Haugaland næringspark AS i 2015.		
Nøkkeltal ⁶ (i heile tusen NOK)		2018	2017	2016
Eigenkapital		1 992 666	2 050 303	1 221 114
Inntekter		139 393	129 514	125 313
Resultat før skatt		202 824	58 296	1 039 603
Likviditet		0,14	0,18	0,29
Soliditet		62,04 %	62,62 %	55,23 %

⁶ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

Skånevik Ølen kraftlag AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 5,65 %

Verksemda sitt føremål er å eige aksjar i Haugaland Kraft AS for å bidra til sikker og moderne forsyning av energi og breibandstenester i Skånevik Ølen Kraftlag SA sitt konsesjonsområde per 1. januar 2017.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Samfunnsansvar
- Vesentlege verdier
- Delt eigarskap med private aktørar

Selskapet er eigd av fleire private aktørar og nokre kommunar. Wecon Yards er største eigar i selskapet med 15,4 % av eigarskapet. Eigenkapitalen til selskapet har auka monaleg dei siste åra, medan det er indikasjonar på at likviditeten er noko log i forhold til det tilrådde nivået (2).

Verksemda har eigarinteresser i seg sjølv (4,34 %) og eigarinteresser i Haugesund kraft AS (4,2 %). Både verksemdar kjem ikkje inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

Nøkkeltal ⁷ (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	254 769	254 540	156 395
Inntekter	0	0	90 038
Resultat før skatt	2 192	98 132	17 993
Likviditet	1,34	1,13	1,12
Soliditet	89,78 %	97,6 %	77,71 %

Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 3,26 %

Selskapet sitt føremål er å marknadsføre reiselivsbedrifter i regionen og andre aktivitetar som naturleg fell saman med dette, irekna å delteke i andre selskap med liknande verksemd, kjøp og sal av aksjar, eller på anna måte gjere seg interessert i andre føretagender.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

CS Investering AS er største eigar i selskapet med 24,97 % av aksjane. Det er fleire kommunar og ein anna privat aksjonær i selskapet.

Rekneskapstala viser at verksemda gjekk med små underskot i 2017 og 2018 men at økonomien elles har vore solid.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	1 482	1 482	1 495
Inntekter	7 897	7 728	7 621
Resultat før skatt	1	-73	-377
Likviditet	2,05	1,5	1,73
Soliditet	66,4 %	50,91 %	62,19 %

Haugaland industri AS

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 1,82 %

Føremålet med verksemda er å drive fabrikkasjon, omsetning og anna verksemd som kan auke yrkesvalhemma sine moglegheiter for tilbakeføring til det ordinære arbeidsmarknad.

⁷ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

Haugaland industri AS			
Nøkkelpunkt	Rekneskapstala viser at Haugaland Industri AS gjekk med underskot på om lag -4,6 millionar i 2017 og at resultatet før skatt har betra seg til å nesten vere i balanse (200 000 kroner i minus) i 2019. Det er indikasjonar på at likviditeten var noko under tilrådd nivå (2) i 2017 og 2019. Største eigar i verksemda er Haugesund kommune med 43,78 % av eigarskapet. Rogaland fylkeskommune, fleire andre kommunar og private verksemdar har også eigardel.		
- Omdøme - Direkte tenestetilbod til innbyggjarane - Delt eigarskap med private aktørar			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	8 493	8 699	9 356
Inntekter	33 951	31 692	35 750
Resultat før skatt	-207	-656	-4 664
Likviditet	1,67	1,99	1,15
Soliditet	32,6 %	35,24 %	34,68 %

Opero AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 1,6 %	Målsettinga for bedrifta er å utvikla og gje yrkesmessige arbeidsinkluderingsstilbod med siktemål om å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Bedrifta skal og gje tilbod om utprøving og avklåring av personar med tanke på framtidig val av arbeid og utdanning.		
Nøkkelpunkt	Stord kommune er største eigar i verksemda med 28,03 % av eigarskapet. Verksemda er også eigd av ei rekke andre kommunar, Vestland fylkeskommune og Sør-Norge aluminium. Rekneskapstala viser at eigenkapitalen har auka noko medan resultatet har hatt ein negativ trend dei siste tre åra. Likviditeten er stigande, men det er indikasjonar på at det er under det tilrådde nivået på 2.		
- Etikk og omdøme - Delt eigarskap med private aktørar - Direkte tenestetilbod til innbyggjarane - Samfunnsansvar			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	17 173	17 120	16 191
Inntekter	37 484	38 388	36 903
Resultat før skatt	53	475	571
Likviditet	1,53	1,47	1,39
Soliditet	58,72 %	57,18 %	55,56 %

Norsk bane AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,98 %	Føremålet til selskapet er å planleggje og realisere eit høgfarts-banenett i Noreg og gjennomføre dei tiltaka som synast nødvendig for å kunne oppnå dette. Høgfartsbanen over Haukeli er eit nøkkelelement. Selskapet kan selje jarnbanefagleg kompetanse.
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av fleire kommunar, Rogaland fylkeskommune og nokon andre private aktørar med varierende eigardel.
Omdøme	

Norsk bane AS			
• Delt eigarskap med private aktørar	Selskapet gjekk med underskot i 2016 og 2018 og likviditeten har vore noko under det tilrådde nivået på 2 dei siste åra.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	67	65	134
Inntekter	2 020	1 924	2 299
Resultat før skatt	2	-69	4
Likviditet	1,35	1,32	1,51
Soliditet	25,38 %	24,44 %	33,84 %

Sparebanken øst SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,21 %	Føremålet er å utføre forretningar og tenester som det er vanlig og naturleg at sparebanker kan utføre i samsvar med til den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ein kvar tid gitte konsesjonar.		
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av mange aktørar, kor MP pensjon PK (8,04 %), Cape invest AS (6,6 %) og Directmarketing invest AS (4,82 %) er dei tre største aksjeeigarane. Nøkkeltala viser at verksemda har aukande eigenkapital generelt sett ein jamn økonomi.		
• Omdøme • Vesentlege verdiar • Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har fem heileigde dotterselskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: • Sparebanken øst boligkreditt as • Øst prosjekt AS • Sparebanken øst eiendom AS • Øst inkasso AS • AS finansiering I tillegg har selskapet mindre eigarinteresser i ei rekke selskap.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	3 714 300	3 539 100	2 971 000
Inntekter	606 000	664 000	616 200
Resultat før skatt	364 400	419 300	391 751
Likviditet	1,08	1,08	1,09
Soliditet	12,82 %	11,99 %	11,05 %

Sparebank 1 BV SPA	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,15 %	Føremålet er å utføre forretningar og tenester som det er vanlig og naturleg at sparebanker kan utføre i samsvar med til den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ein kvar tid gitte konsesjonar.
Nøkkelpunkt	Største eigar i selskapet er Sparebank 1 stiftelsen BV som eigd 21,62 % av banken. Sparebankstiftelsen Nøtterøy-Tønsberg er nest største eigar med 17,31 % av selskapet. Det er også ei rekke private aktørar og nokre kommunar med eigardel.
• Omdøme • Vesentlege verdiar • Delt eigarskap med private aktørar	Nøkkeltala viser at selskapet har ein solid økonomi. Verksemda har fire dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:

Sparebank 1 BV SPA			
	• Sparebank 1 regnskapshuset BV AS (100 %) • Imingen holding AS (100 %) • Eiendomsmegler 1 BV AS (100 %) • Z eigedom AS (60 %) I tillegg har banken mindre eigarinteresser i fleire selskap.		
Nøkkeltal ⁸ (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	4 691 872	4 404 398	3 044 876
Inntekter	1 019 039	1 104 021	708 782
Resultat før skatt	681 325	628 433	411 690
Likviditet	1,11	1,11	1,11
Soliditet	12,88 %	12,82 %	12,54 %

Helgeland sparebank SPA			
Selskapet sitt føremål	Førmålet er å fremje sparing ved å ta imot innskot frå ein ubestemt krets av innskyttarar, levere finansielle tenester til privatpersonar, næringsliv og offentlig sektor og forvalte på ein trygg måte dei midlar den rår over i samsvar med dei lovreglar som til en kvar tid er gjeldande for sparebankar. Sparebanken kan utføre forretningar og tenester som det er vanlig og naturleg at sparebankar kan utføre i samsvar med til den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ein		
Eigardel: 0,09 %	kvar tid gitte konsesjonar.		
Nøkkelpunkt	Største eigar i selskapet er Sparebankstiftelsen Helgeland med 35,04 % av aksjane. Ei lang rekke aktører har også eigardel. I mars 2020 blei Sparebank 1 Nord Norge eigar med 19,99 % av eigenkapitalbevisa. Økonomien til selskapet er solid.		
• Omdøme • Vesentlege verdiar • Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har følgjande dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: • Helgeland boligkreditt AS (100 %) • Helgeland utviklingselskap (100 %) • Helgeland sparebanks eiendomsselskap as (100 %) • AS sparebankbygg (100 %) • Strendene utviklingselskap AS (100 %) • Storgt. 73 AS (52,85 %) I tillegg har banken mindre eigarinteresser i ei rekke selskap.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	3 195 000	2 951 000	2 926 000
Inntekter	720 000	693 000	649 000
Resultat før skatt	370 000	164 000	316 000
Likviditet	1,11	1,1	1,1
Soliditet	11,51 %	10,99 %	10,94 %

⁸ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019.

Sparebanken vest SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,07 %	Føremålet er å utføre forretningar og tenester som det er vanlig og naturleg at sparebankar kan utføre i samsvar med til den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ein kvar tid gitte konsesjonar.		
Nøkkelpunkt	Sparebankstifitinga Hardanger er største eigar med 11,13 % av eigarskapet. Pareto invest AS eig 5,45 % og Verdipapirfondet Nordea Norge Verdi eig 3,89 %. Mange fleire selskap har også eigardel i selskapet. Nøkkeltala viser at eigenkapitalen har auka og at inntektene er stigande dei tre siste åra. Økonomien er solid.		
- Omdøme - Vesentlege verdiar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har fire heileigde dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: - Sparebanken vest boligkreditt AS - Vestlandskonferansen AS - Jonsvollskvartalet AS - Eiendomsmebler vest AS I tillegg har banken varierende eigarinteresser i ei rekke selskap.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	15 865 000	14 732 000	13 463 000
Inntekter	4 480 000	3 877 000	3 731 000
Resultat før skatt	2 355 000	1 961 000	1 744 000
Likviditet	25,19	31,15	32,51
Soliditet	13,06 %	13,05 %	12,08 %

Sparebank 1 nordvest SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,05 %	Sparebank1 nordvest har sitt primære markedsområde i Møre og Romsdal. Konsernet er totalleverandør av produkt og tenester innan finansiering, leasing, sparing og plassering, forsikring, betalingsformidling og rekneskapstenester.		
Nøkkelpunkt	Erik Ohr eigedom AS er største aksjonær med 7,97 % av aksjane. Det er også mange fleire aksjonærer med eigardel i sparebanken.		
- Omdøme - Vesentlege verdiar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har fem dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: - Bølgen AS (100 %) - Midsund hytteutvikling AS (100 %) - Nordmøre eigedom AS (100 %) - Tollbodenbygningen AS (98 %) - Sparebank 1 regnskapshuset nordvest AS (70 %) I tillegg har banken eigarinteresser i fleire selskap.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	2 093 308	1 904 772	1 802 812
Inntekter	488 608	384 735	422 524
Resultat før skatt	251 335	160 770	207 345
Likviditet	1,11	1,12	1,11
Soliditet	13,21 %	13,26 %	13,36 %

Sparebanken sør SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,05 %	Sparebanken har til føremål å fremje sparing ved å ta imot innskot frå ein ubestemd krets av innskyttarar og på ei trygg måte forvalte dei midlar den rår over i samsvar med dei lovreglar som til ein kvar tid gjeld for sparebankar.		
Nøkkelpunkt	Største eigar i selskapet er Sparebankstiftelsen sparebanken sør med 51 % av eigarskapet. Det er og fleire mindre aksjonærar i sparebanken. Rekneskapstala viser at selskapet har ein god økonomi.		
- Omdøme - Vesentlege verdiar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har fire heileigde dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: - Sparebank sør boligkreditt AS - AS eiendomsvekst - Prosjektutvikling AS - Transitt eigedom AS I tillegg har banken varierende eigarinteresser i ei rekke selskap.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	11 535 000	10 518 000	9 970 000
Inntekter	1 955 000	1 693 000	1 744 000
Resultat før skatt	1 165 000	944 000	1 012 000
Likviditet	1,13	1,11	1,12
Soliditet	12,63 %	11,72 %	11,51 %

Sparebank 1 Nord- Norge SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,05 %	Føremålet er å utføre forretningar og tenester som det er vanlig og naturleg at sparebankar kan utføre i samsvar med til den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ein kvar tid gitte konsesjonar.		
Nøkkelpunkt	Sparebanken 1 Nord-Norge SPA er eigd av mange aktørar med varierende eigardel. State Street bank and trust comp er største aksjonær med 3,64 % av aksjane. Nøkkeltala viser at selskapet har aukande eigenkapital, stigande inntekter og går med overskot.		
- Omdøme - Vesentlege verdiar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har følgjande heileigde dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: - Fredrik langes gate 20 AS - Sparebank 1 Nord-Norge portefølje AS - Eiendomsmegler 1 Nord-Norge - Sparebank 1 finans Nord-Norge AS - Rødbanken Holding AS - Sparebank 1 regnskapshuset Nord-Norge AS I tillegg har banken eigarinteresser i ei rekke selskap. I mars 2020 kjøpte Nord-Norge SPA opp 19,99 % av eigenkapitalbevisa i Helgeland sparebank.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	13 065 000	11 312 000	10 617 000
Inntekter	4 271 000	2 821 000	2 860 000
Resultat før skatt	3 042 000	1 695 000	1 760 000
Likviditet	1,07	1,06	1,06
Soliditet	11,9 %	10,89 %	11,16 %

Sandnes sparebank SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,04 %	Føremålet er å utføre forretningar og tenester som det er vanlig og naturleg at sparebankar kan utføre i samsvar med til den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ein kvar tid gitte konsesjonar.		
Nøkkelpunkt	Største aksjonær i Sandnes sparebank er Sparebank 1 SR-bank ASA med 15,14 % av aksjane. Det er òg mange fleire selskap med eigardel i sparebanken. Nøkkeltala viser at selskapet har ein solid økonomi.		
- Omdøme - Vesentlege verdiar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har tre dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: - SSB boligkreditt AS (100 %) - Leirfivel AS (100 %) - Aktiv Eiendomsmegling Jæren AS (60 %) I tillegg har banken varierende eigarinteresser i ei rekke selskap.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	2 795 500	2 766 885	2 549 122
Inntekter	549 330	508 755	556 831
Resultat før skatt	294 067	252 378	240 108
Likviditet	1,05	1,08	0,97
Soliditet	13,51 %	13,72 %	12,8 %

Sparebank 1 smn SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,03 %	Føremålet er å drive verksemd som bank og dessutan drive og delta i verksemd som sparebanken kan utføre i samsvar med løyve og den til ein kvar tid gjeldande lovgjeving.		
Nøkkelpunkt	Sparebanken er eigd av fleire aktørar med under 4 % eigardel kvar. Verdipapirfondet Nordea Norge verdi er største eigar med 3,78 % eigardel. Nøkkeltala viser at selskapet har hatt ein solid økonomi dei siste tre åra.		
- Omdøme - Vesentlege verdiar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har følgjande dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: - St. Olavs plass 1 SMN AS (100 %) - Sparebank 1 SMN invest AS (100 %) - Sparebank1 SMN kvartalet AS (100 %) - Sparebank 1 bilplan AS (100 %) - Sparebank 1 bygget steinskjer AS (100 %) - Sparebank 1 SMN spire finans AS (100 %) - Mavi XC AS (100 %) - Sparebank 1 regnskapshuset SMN AS (88,65 %) - Eiendomsmegler 1 Midt-Norge AS (86,97 %) - Sparebank 1 markets AS (66,7 %) - Sparebank finans Midt-Norge AS (60,98 %) Banken har også mindre eigarinteresser i ei rekke selskap.		
Nøkkeltal ⁹ (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	16 409 000	15 371 000	13 212 000

⁹ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019

Sparebank 1 smn SPA			
Inntekter	3 878 000	3 779 034	3 629 000
Resultat før skatt	2 378 000	2 253 294	1 945 000
Likviditet	1,05	1,04	1,03
Soliditet	10,4 %	10,22 %	9,71 %

Sparebank 1 Østfold Akershus SPA

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 0,03 %

Sparebank 1 Østfold Akershus har som føremål å forvalte på ein trygg måte dei midlar den rår over i samsvar med den til en kvar til gjeldande lovgjeving som gjeld for sparebankar. Banken kan utføre alle vanlege bankforretningar og banktenester i samsvar med gjeldande lovgjeving.

Nøkkelpunkt

Sparebank 1 stiftelsen Østfold Akershus er største eigar i sparebanken med 40,67 % eigardel. Sparebank1 stiftelsen Halden er nest største eigar med 25,23 %. Det er òg fleire selskap med mindre eigardel. Nøkkeltala viser at selskapet har hatt ein jamt god økonomi dei siste åra.

- Omdøme
- Vesentlege verdiar
- Delt eigarskap med private aktørar

Verksemda har to heileigde dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:

- Nekor Gårdselskap SA
- Eiendomsmegler 1 Østfold Akershus AS

Banken har også mindre eigarinteresser i ei rekke fleire selskap.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	3 318 139	3 139 510	2 876 094
Inntekter	766 235	755 845	694 148
Resultat før skatt	466 380	464 546	427 702
Likviditet	1,1	1,12	1,12
Soliditet	13,89 %	13,5 %	13,87 %

Sparebanken Telemark SPA

Selskapet sitt føremål
Eigardel: 0,02 %

Sparebanken skal forvalte på ein trygg måte dei midlar den rår over og kan utføre forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføre i samsvar med den til en kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til en kvar tid gitte konsesjonar. Sparebanken skal vere ein aktiv finansiell aktør for Telemark og for telemarkingar.

Nøkkelpunkt

Sparebankstiftelsen Telemark – Grenland og Sparebankstiftelsen Telemark – Holla og Lunde er størst og nest største eigar med høvesvis 29,46 % og 27,67 % av eigarskapet. Det er og fleire aktørar med mindre eigardel. Rekneskapstala viser at verksemda har hatt ein solid økonomi dei siste tre åra.

- Omdøme
- Vesentlege verdiar
- Delt eigarskap med private aktørar

Verksemda har tre dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10:

- Sparebankgården AS (100 %)
- Tufte eigedom AS (100 %)
- Eiendomsmegler 1 telemark AS (51 %)

I tillegg har banken eigarinteresser i ei rekke selskap.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	3 346 120	3 102 964	2 772 479
Inntekter	701 297	632 205	607 020

Sparebanken Telemark SPA			
Resultat før skatt	403 339	348 985	352 329
Likviditet	1,11	1,11	1,1
Soliditet	12,81 %	12,73 %	12,09 %

Sparebank 1 Østlandet SPA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,01 %	Sparebanken skal fremje sparing ved å ta imot innskot frå ein ubestemt krets av innskyttarar, levere finansielle tenester til publikum, næringsliv og offentlig sektor, og å forvalte på ein trygg måte dei midlar den rår over i samsvar med dei lovreglar som til en kvar tid er gjeldande for sparebankar.		
Nøkkelpunkt	Sparebankstiftelsen Hedmark er største eigar med 52,14 % av eigarskapet. Det er òg ei rekke andre aktørar med eigardel. Nøkkeltala viser at banken har solid økonomi.		
- Omdøme - Vesentlege verdiar - Delt eigarskap med private aktørar	Verksemda har seks dotterselskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: - Eiendomsmegler 1 Oslo Akershus AS (100 %) - Eiendomsmegler 1 Innlandet AS (100 %) - AS Vato (100 %) - Youngstorget 5 AS (100 %) - Sparebank 1 finans Østlandet AS (95 %) - Sparebank 1 Østlandet vit AS (70,68 %) Sparebanken har og mindre eigarinteresser i fleire andre selskap.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	14 972 000	13 900 000	12 405 000
Inntekter	3 550 000	3 048 000	2 624 000
Resultat før skatt	2 215 000	1 723 000	1 374 000
Likviditet	1,07	1,07	1,08
Soliditet	11,2 %	11,36 %	11,58 %

E134 Haukelivegen AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,17 %	Verksemda sitt føremål er å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen.		
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av ei rekke kommunar, fylkeskommunar og private aksjonærar. I 2018 gjekk verksemda med underskot, men elles har verksemda ein solid økonomi.		
- Omdøme - Delt eigarskap med private aktørar			
Nøkkeltal¹⁰ (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	3 505	3 700	2 571
Inntekter	1 214	2 603	2 338

¹⁰ Årsrekneskap for 2019 er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret per august 2020, og revisor har ikkje tilgjengeleg rekneskapstal for 2019

E134 Haukelivegen AS			
Resultat før skatt	-195	1 129	3
Likviditet	13,26	13,76	2,42
Soliditet	92,46 %	92,73 %	58,69 %

Biblioteksentralen SA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Føremålet til selskapet er å være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Dette inneber mellom anna å være hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.		
Nøkkelpunkt	Selskapet er eigd av ei rekke kommunar, fylkeskommunar, Kommunenes Sentralforbund (KS) og Norsk bibliotekforeining. Eigarane har varierende eigardel. Nøkkeltala viser at samvirkeføretaket har høg eigenkapital og høge inntekter. Samstundes gjekk verksemda med underskot i 2018 og 2019.		
• Omdøme • Delt eigarskap med private aktørar • Vesentlege verdiar	Verksemda har fleire dotterselskap som ikkje fell inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10: • BS eiendom AB20 AS (100 %) • BS Undervisning AS (100 %) • Norsk bibliotektransport AS (100 %) • BS Lab AS (100 %) • Edda bokhandel AS (100 %) Selskapet har også eigarinteresser i BS Eurobib AS (50 %), Bookbites AS (15 %) og Redia AS (36,7 %) som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2019	2018	2017
Eigenkapital	283 643	289 235	296 362
Inntekter	137 403	125 324	131 980
Resultat før skatt	-5 592	-7 127	58 822
Likviditet	5,1	4,58	4,91
Soliditet	92,73 %	63,53 %	62,58 %

Skjold arena – kultur og idrett SA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 23,4 %	Føremålet til samvirkeføretaket er å eige, vedlikehalde og drive Skjold Bygdahus og Flerbrukshall. Verksemda skal skaffe bygda sine innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar eit høveleg samlingsstad med rom for møte, festar, kino- og teaterframsyningar, kafé etc og skaffe idrettslaga i Skjold, Vats og Vikebygd et idrettsanlegg som er tenleg for deira aktivitetar.		
Nøkkelpunkt			
• Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	Rekneskapstal er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg		

Sandeid Samfunnshus SA	
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Samvirkeføretaket skal skaffa bygda ein høveleg, samlingsstad med rom for møte, festar, kino og teaterframsyningar, kafé, grupperom og garderobeanlegg.
Nøkkelpunkt	Rekneskapstal er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret.
• Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Ølen kulturhus SA	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 35,7 %	Føremålet er å eige, vedlikehalde og drive Ølen Kulturhus SA, for dermed å skaffe bygda sine innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar ein høveleg samlingsstad med rom for møter, festar, kino, teaterførestillingar, kafé mm.
Nøkkelpunkt	Rekneskapstal er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret.
• Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Imslund bygdahus SA	
Selskapet sitt føremål Eigardel: ukjent	Føremålet til verksemda er å reisa og drive eit bygdehus for på den måten å skaffa innbyggjarane på staden ein høveleg samlingsstad med rom for møter, festar, kino, teaterframsyningar, konsertar, studiorom, idrettslokale m.m.
Nøkkelpunkt	Rekneskapstal er ikkje rapportert inn til Brønnøysundregisteret.
• Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengleg

4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, interkommunale samarbeid, stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap. Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Vi har likevel laga ei samla liste under for ulike samarbeid/interesser til kommunen:

Interkommunale samarbeid:

- Haugaland arbeidsgiverkontroll¹¹ (7 %)
- Innkjøpssamarbeid på Haugalandet (Karmøy og Haugesund kommune utfører arbeidet)
- Nord R (Nettverk for skuleeigarar i Nord-Rogaland)
- Haugaland skule og arbeidsliv (Interkommunalt samarbeid organisert under Haugaland Vekst IKS)
- Felles PP-teneste med Etne kommune (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Vindafjord er vertskommune)
- Felles SLT-koordinator med Etne kommune (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Etne er vertskommune¹²)
- Felles Legevakt med Etne kommune (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Vindafjord er vertskommune)
- Felles barnevern med Etne kommune (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Vindafjord er vertskommune)
- Felles IKT tenester med Etne kommune (EVIKT) (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Etne er vertskommune)
- Felles NAV med Etne kommune (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Vindafjord er vertskommune)
- Felles skatteoppkrevjarkomtor med Etne kommune (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Vindafjord er vertskommune¹³)
- NoRoSun Skjenke- og salskontroll med sju kommunar (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Sauda er vertskommune).
- Senter for miljøretta helsevern med Etne, Suldal og Sauda (Vertskommunesamarbeid § 20-2, Sauda er vertskommune)

Andre:

- Friluftsrådet vest
- Haugaland opplæringskontor
- Kommunal landspensjonskasse

¹¹ Utgår 1.11.20 når staten tek over

¹² Sagt opp med verknad frå 1.1.21

¹³ Utgår 1.11.20 når staten tek over.

5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Vindafjord kommune har eigarskap (kapittel 4), presenterer vi i dette kapitlet vurderingane av kor i Vindafjord kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til kommunestyret.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Dei identifiserte risikoområda/-selskapa er sett opp i uprioritert rekkjefølgje. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av og rekkjefølgje for eigarskapskontrollane i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Tabellen under viser identifiserte risikoområde/-selskap knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 7: Identifiserte risikoområder knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning

Område/selskap	Eigardel	Observasjonar	Risikoområde
Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	IA	Kommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som vedtakast av kommunestyret minst ein gong i valperioden (§ 26-1). Kommunen har ei eigarskapsmelding frå 2016. I undersøkinga blir det opplyst at det skal utarbeidast ny eigarskapsmelding i løpet av hausten 2020. I undersøkinga blir det peikt på at det er risiko for å miste oversikt når oppgåver/ansvar blir lagt til selskap og interkommunale samarbeid, og det blir stilt spørsmål ved korleis kommunen følgjer opp eigarskapa/samarbeida sine og om det er tilstrekkeleg oversikt og kontroll. Det blir også peikt på at eigarskapsforvaltninga på politisk nivå kan bli påverka og prega av personleg engasjement.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar og • Rapportering til kommunestyret
Øyane Asvo AS	50 %	Arbeidsmarknadsbedrifter som Øyane Asvo er selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Selskapa har	• Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar • Ikkje forsvarleg oppfølging

		ofte utfordrande driftsvilkår, og skal drive delvis i konkurranse med andre, med krav til internkontroll og HMT. Tilbudet krev også god og tett oppfølging av brukarane.	• Brot på HMT • Manglande utvikling for tiltak • System og rutinar for eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Haugaland industri AS	1,82 %	Sjølvs om eigardelen til Vindafjord kommune er liten, er dette eit selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Arbeidsmarknadsbedrifter har ofte utfordrande driftsvilkår, slik det også er omtala under Øyane Asvo AS.	• Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar • Ikkje forsvarleg oppfølging • Brot på HMT • Manglande utvikling for tiltak • System og rutinar for eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Opero AS	1,6 %	Sjølvs om eigardelen til Vindafjord kommune er liten, er dette eit selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Arbeidsmarknadsbedrifter har ofte utfordrande driftsvilkår, slik det også er omtala under Øyane Asvo AS.	• Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar • Ikkje forsvarleg oppfølging • Brot på HMT • Manglande utvikling for tiltak • System og rutinar for eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Haugaland Kraft AS	5,84 %	Vindafjord kommune er deleigar i selskapet, som både forvaltar store verdiar på vegner av kommunen og fellesskapet, og som leverer kritiske tenester til kommunen sine innbyggjarar.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Haugaland interkommunale miljøverk IKS	15,3 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer samfunnskritiske tenester. Rekneskapstala til selskapet gir indikasjonar på at likviditeten i selskapet er under tilrådd nivå.	• Økonomi og drift • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Haugaland brann og redning IKS	7,74 %	Selskapet skal dekke kommunen sine plikter og oppgåver i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova sine krav til kommunane, og leverer samfunnskritiske tenester. I undersøkinga blir det peikt på økonomisk risiko knytt til selskapet, samt at det har vore	• Økonomi og drift • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen

		ein del uro knytt til at Haugesund kommune vedtok å trekkje seg frå samarbeidet.	
Krisesenter Vest IKS	4,88 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer ei kritisk teneste til ei svært sårbar brukargruppe. Det er uvisst korleis økonomien i selskapet er.	• Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarane • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Vindafjord tomteselskap AS	48,83	Vindafjord kommune er største eigar med 48,83 % av eigarskapet. I spørjeundersøkinga blir det gitt uttrykk for at det er sterke private interesser i tomteselskapet som det kan vere utfordrande for kommunen å handtere.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen

6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

I 2020 blir det gjennomført forvaltningsrevisjon av økonomistyring i helse og omsorg. I førre planperiode blei det gjennomført følgjande forvaltningsrevisjonar i kommunen:

- Forvaltningsrevisjon av samhandlingsreforma (2017)
- Forvaltningsrevisjon av IKT og informasjonstryggleik (2018)
- Forvaltningsrevisjon av psykisk helse og rus (2019)

6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap

Det blei ikkje gjennomført selskapskontroll bestilt av Vindafjord kommune i førre planperiode, men tidlegare er det gjennomført følgjande selskapskontrollar:

- Selskapskontroll av Interkommunalt arkiv i Rogland (2013). Gjennomført av Rogaland revisjon IKS
- Selskapskontroll av Haugaland kraft AS – 2011, samt ein kombinert selskapskontroll av selskapet saman med Haugaland næringspark AS i 2015.

6.1.3 Eigarskapskontroll

Nokre av selskapskontrollane nemnt over, omfatta også eigarskapskontroll.

6.2 Tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Vindafjord kommune sine helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming i 2017. I 2020 blei det gjennomført tilsyn etter introduksjonslova i Vindafjord kommune.

I følgje den nasjonale tilsynskalenderen er det planlagt tilsyn med forvaltningskontroll av tilskotsordningar på landbruksområdet, samt felles tilsyn med beredskapsplikt og helseberedskap.

Vi har ikkje inkludert tilsyn i enkeltsaker.

7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i Vindafjord kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under.

7.1 Forvaltningsrevisjon

7.1.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 8: Raude prosjekt

Prosjekt	Aktuelle tema
• Internkontroll og kvalitetssystem	<i>Tilfredsstillande internkontroll Bruk av kvalitetssystem Melding og oppfølging av avvik</i>
• Arkiv og offentlegheit	<i>System og rutinar Regeletterleving</i>
• Digitalisering og IKT	<i>Strategi for digitalisering Kompetanse/opplæring</i>
• Innkjøp	<i>Gjennomføring av innkjøp Rammeavtalar Kontraktsoppfølging, t.d. kontroll av utvalde leverandørar/kontraktar</i>
• Investeringar	<i>Planlegging og oppfølging av investeringsprosjekt</i>
• Tilpassa opplæring, spesialundervisning og samarbeid med PPT	<i>System og rutinar for tilpassa opplæring Kompetanse blant lærarane Tidleg innsats på 1. – 4. trinn Sakshandsaming i samband med fatting av vedtak om spesialundervisning Samarbeid mellom skulane og PPT</i>
• Kommunen sitt arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø	<i>System og rutinar Oppfølging av lov- og regelverk</i>
• Tenester til barn med særskilte behov	<i>System og rutinar Samhandling mellom ulike einingar/tenester</i>
• Integrering og tenestetilbod til flyktningar	<i>Tenestetilbod og oppfølging Tilbod om grunnskuleopplæring og særskild språkopplæring til minoritetsspråkelege elevar</i>
• Barnevernstenesta	<i>System og rutinar for sakshandsaming og regeletterleving Fatting av vedtak Kostnader knytt til tiltak</i>
• Plan- og byggesak	<i>Sjølvkost Sakshandsaming i samsvar med lovkrav Tilsyn og kontrollar</i>
• Vedlikehald av kommunale bygg	<i>Kapasitet System og rutinar Planlegging og oppfølging</i>

• Vedlikehold av kommunal veg	<i>Kapasitet System og rutinar Planlegging og oppfølging</i>
• Vatn og avlaup	<i>Sjølvcost Rehabilitering av leidningsnett System og rutinar for å overvake vatn- og avlaupsnettet</i>
• Pleie og omsorg	<i>System og rutinar for vurdering av behov for og tildeling av tenester Tiltak for å sikre gode og ressurseffektive tenester Bruk av velferdsteknologi i tenestene Kapasitet og kompetanse</i>
• Helsestasjon og skulehelsetenesta	<i>Kapasitet og kompetanse Etterleving av regelverk og nasjonale retningslinjer</i>
• Øyane Asvo AS	<i>Verksemdsstyring Internkontroll Økonomistyring Oppfølging av brukarar</i>
• Haugaland interkommunale miljøverk IKS	<i>Verksemdsstyring Internkontroll Økonomistyring</i>
• Haugaland brann og redning IKS	<i>Verksemdsstyring Internkontroll Økonomistyring</i>
• Haugaland kraft AS	<i>Verksemdsstyring Internkontroll Økonomistyring</i>

7.1.2 Andre prosjekt (gule)

Tabell 9: Gule prosjekter

Prosjekt
• Bemanning og sjukefråvær
• Personvern og informasjonstryggleik
• Saksførebuing og vedtaksoppfølging
• Beredskap
• Klima, berekraft og miljø
• Samarbeid på tvers i kommunen
• Folkehelse og miljøretta helsevern
• Barnehage
• SFO
• Reinhold
• Kultur
• Rus og psykiatri
• Tenester til funksjonshemma
• Sosiale tenester i NAV
• Bustadsosialt arbeid
• Legetenester

7.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll kan inngå som ein del av ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå førre liste), eller den kan gjennomførast som eigne prosjekt der fokuset berre er på kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap.

Tabell 10: Aktuelle prosjekt

Prosjekt	Tema
Eigarskapsforvaltning (overordna)	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapa - Eigarmelding - Eigarstrategi - Eigaroppfølging - Rutinar for val av styrerepresentantar - Opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter (Øyane Asvo AS, Haugaland industri AS, Opero AS)	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen - Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane
Eigarskapskontroll av Haugaland Kraft AS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Haugaland interkommunale miljøverk IKS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Haugaland brann og redning IKS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Krisesenter Vest IKS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
Eigarskapskontroll av Vindafjord tomteselskap AS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyret	27.10.20	
Kontrollutvalet	14.10.20	28/20
Kontrollutvalet	09.09.20	20/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020 - 2024 – VINDAFJORD KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyret vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar for eigarskapskontroll:

Prioriterte prosjekter:

1. Vindafjord tomteselskap AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Arbeidsmarknadsbedrifter (Øyane ASVO AS, Haugaland industri AS, Opero AS)
4. Haugaland brann og redning IKS

Upprioriterte prosjekter:

- Overordna eigarskapsforvaltning
- Haugaland kraft AS
- Haugaland interkommunale miljøverk IKS

Retningslinjer for eigarskapskontroll i Vindafjord kommune blir vidareført slik dei ligg føre.

Vindafjord kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

- Vedlegg:**
1. Plan for eigarskapskontroll i Vindafjord kommune 2020 - 2024
 2. Risiko- og vesentlegvurderingar (sjå sak om plan forvaltningsrevisjon)
 3. Retningslinjer for eigarskapskontroll 2020 - 2024

Bakgrunn:

Eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover, forskrift, kommunestyret sine vedtak og kjente prinsipp for eigarstyring.

Det går fram av kommunelova § 23-4 at det skal utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sitt eigarskap. Planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av fyrste året i kvar valperiode.

Planen er det kommunestyret sjølv som skal vedta. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

I møtet 20.11.19, sak 18/19 blei Deloitte AS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan.

I det fyrste prosessmøtet den 06.05.20, sak 4/20 deltok medlemmene i Deloitte sitt risikospel, saman med forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes. Spelet vart gjennomført digitalt, og er ein del av prosessen for å komme med innspel til ny analyse og plan.

Forvaltningsrevisor presenterte risiko- og vesentlegvurderingane dei hadde utarbeidd i møtet 09.09.20. Risiko- og vesentlegvurderingane er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2 i sak om plan for forvaltningsrevisjon.

Dette analysedokumentet er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekt i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva selskap som skal bli gjenstand for eigarskapskontroll.

Vindafjord kommune har eigarinteresser i åtte selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i 29 selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. I fylgje vedtatte retningslinjer bør kontrollar samordnast med dei andre eigarkommunane.

Vindafjord kommune har eigardelar i fleire aksjeselskap, som er eigd av andre eigarar enn kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap. Oversyn over desse 29 selskapa finn ein under kap. 2.4 i vedlegget om risiko- og vesentlegvurdering.

Tidlegare planar

I perioden 2016 - 2020 var følgjande prosjekt dei prioriterte prosjekta i plan for selskapskontroll:

- Generell selskapskontroll med Vindafjord kommune si eigarstyring
- Krisesenter Vest IKS

Det blei ikkje gjennomført selskapskontrollar (eigarskapskontrollar) i førre periode.

Ny plan for 2020 - 2024

Framlegg til Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 følgjer som vedlegg 1. Risiko- og vesentlegvurderingane er vedlagt planen som vedlegg 2. I planen er det tatt inn både prioriterte og uprioriterte prosjekt.

Kontrollutvalet prioritererte dei ulike prosjekta i møtet 09.09.20 og gjorde likt vedtak i sak 20/20:

Vindafjord kontrollutval tar Deloitte sin presentasjon av risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

Forvaltningsrevisor vil innarbeide medlemmene sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til planar blir lagt fram for utvalet i neste møte.

Ny plan blei sendt sekretariatet 05.10.20. Utvalet vil igjen handsame saka i møtet 14.10.20 for endeleg innstilling til kommunestyret.

I framlegget til ny plan har revisor, i samråd med kontrollutvalet, gjort framlegg om følgjande tema blir prioritert for ein mogleg eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024:

Prioriterte prosjekter for perioden 2020 – 2024:

1. *Eigarskapskontroll av Vindafjord tomteselskap AS*
2. *Eigarskapskontroll av Krisesenter Vest IKS*
3. *Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter (Øyane ASVO AS, Haugaland industri AS, Opero AS)*
4. *Eigarskapskontroll av Haugaland brann og redning IKS*

Uprioriterte prosjekter:

- *Overordna eigarskapsforvaltning*
- *Eigarskapskontroll av Haugaland kraft AS*
- *Eigarskapskontroll av Haugaland interkommunale miljøverk IKS*

Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva selskap som eventuelt skal bli gjenstand for kontroll og val av prosjekt.

Evaluering av retningslinjer

Vindafjord kommune sine retningslinjer for selskapskontroll trådde i kraft då kommunestyret slutta seg til desse i 2006. Dei er seinare blitt lagd fram for kommunestyret i 2009, 2012 og 2016. Ved sist revidering ble det tatt ut at selskapa årleg skulle sende inn firmaattest. Med dagens tilgang via Altinn har informasjonstilgangen blitt mykje betre sidan retningslinjene blei utarbeida i 2006.

I følge gjeldande retningslinjer pkt. 12 skal dei evaluerast samtidig med revidering av planen. Retningslinjene følgjer saka som vedlegg 3.


Sekretariatet kan ikkje sjå at det no er trong for endringar eller tillegg. Ordet selskapskontroll bør skiftast ut med eigarskapskontroll då det er i tråd med bruken i den nye kommunelova.

Det som sekretariatet igjen vil minne om er selskapa si plikt til å sende innkallingar og sakspapira til sekretariatet ved utsending til representantskapsmøte. Nokre av dei små selskapa har fortsatt ikkje har fått det inn i sine rutinar.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen. Slik mynde har då også blitt gjeven tidlegare år, og ein finn heimel til det i kommunelova § 23-4 siste setning.

Aksdal, 07.10.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Vindafjord kommune Plan for eigarskapskontroll 2020-2024

Oktober 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til eigarskapskontroll	4
1.2	Krav til plan for eigarskapskontroll	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Eigarskapskontrollar 2020-2024	5
2.1	Eigarskapskontrollprosjekt	5
3.	Gjennomføring av eigarskapskontroll	7
3.1	Standard og innsynsrett	7
3.2	Metode	7
3.3	Gjennomføring og rapportering	7

1. Innleiing

1.1 Krav til eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 først ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

1.2 Krav til plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

I følge kommunelova § 23-4 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll, men kommunestyret kan delegerer til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjere endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-4 tredje ledd stiller krav om at planen for eigarskapskontroll skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Vindafjord kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om eigarskapsforvaltninga i kommunen, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og/eller selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll av.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område sett opp mot at kommunen utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Vurderinga er gjort både overordna og for det enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Informasjonsgrunnlaget som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativ leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som blei samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunen si overordna eigarstyring, og for det enkelte selskap kommunen har eigarinteresser i. Informasjonen er samla i eit analysedokument som låg til grunn for utveljing og prioritering av eigarskapskontrollprosjekt.

2. Eigarskapskontrollar 2020-2024

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise eigarskapskontrollprosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Eigarskapskontroll av Vindafjord tomteselskap AS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
2	Eigarskapskontroll av Kriesenter Vest IKS	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen
3	Eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter (Øyane ASVO AS, Haugaland industri AS, Opero AS)	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen - Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane
4	Eigarskapskontroll av Haugaland brann og redning	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapet - Val og opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen

Tabellen under viser uprioriterte eigarskapskontrollprosjekt.

Tabell 2: Uprioriterte eigarskapskontrollprosjekt

Prosjekt	Tema
Overordna eigarskapsforvaltning	- System og rutinar for oppfølging av eigarskapa - o Eigarmelding - o Eigarstrategi - o Eigaroppfølging - Rutinar for val av styrerepresentantar - Opplæring av styrerepresentantar - Rapportering til kommunen

Eigarskapskontroll av Haugaland kraft AS	• <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapet</i> • <i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> • <i>Rapportering til kommunen</i>
Eigarskapskontroll av Haugaland interkommunale miljøverk IKS	• <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapet</i> • <i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> • <i>Rapportering til kommunen</i>

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av eigarskapskontroll

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal gjennomføre eigarskapskontroll i samsvar med NKRF (Norsk kommunerevisorforbund) sine rettleiarar og standardar for dette.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har òg innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap,² aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar,³ samt i verksemdar som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 24-10 jf. § 24-6.

Innsynsretten i verksemdar som utfører oppgåver på vegner av kommune er ny, og er avgrensa til verksemdar som har avtalerettslege forpliktingar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike eigarskapskontrollane avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka eigarskapskontrollar at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva kontrollkriterium revisor skal leggje til grunn. Før ein eigarskapskontroll blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om eigarskapskontrollen til administrasjonssjefen før datainnsamlinga tek til. Administrasjonssjefen skal få høve til å kome med sitt syn på funna i eigarskapskontrollen. Uttalen frå administrasjonssjefen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten.

¹ Standard for eigarskapskontroll RSK 002 er nyleg vedteken av NKRF (sjå <https://www.nkrf.no/publikasjoner>).

² For vertskommunesamarbeid gjeld egne reglar. Jf. kommunelova § 20-9, er det kontrollutvalet i vertskommunen som førar kontroll med verksemda i vertskommunesamarbeidet på vegner av deltakarane. Ein kommune kan likevel gjere kontrollar av dei delane av verksemda i vertskommunesamarbeidet som gjeld kommunen.

³ Selskap med private eller statlege eigarar er ikkje omfatta av kontrollutvalet og revisjonen si innsynsrett etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Ein eventuell kontroll av slike selskap avheng difor av at kommunen sin revisor enten er gitt innsynsrett i selskapet sine vedtekter, at styret gir slik innsynsrett på førespurnad, eller at eigarorganet vedtek at selskapet skal gje slikt innsyn.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

RETNINGSLINJER FOR EIGARSKAPSKONTROLL

VINDAFJORD KOMMUNE

Vedtatt av Vindafjord kommunestyre fyrste gang i 2006, vidareført i 2009 og 30.10.12, sak 72/12 og 24.05.16, sak 33/16, ny evaluering xx.xx.20, sak xx/20

1. Eigarskapskontroll vert gjennomført i tråd med kommunelova § 23-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon kapittel 1.
2. Eigarskapskontroll vert gjennomført i samsvar med gjeldande plan for eigarskapskontroll vedtatt i kommunestyret. Plan for eigarskapskontroll vert vedtatt av kommunestyret minimum ein gong kvar valperiode, og kan justerast oftare dersom dette er naudsynt.
3. Kontrollutvalet har ansvar for å sikre at eigarskapskontroll vert gjennomført i tråd med desse retningslinjene.
4. Kontrollutvalet får delegert mynde til å kjøpe eigarskapskontroll i samsvar med den vedtekte planen og kan dessutan gjere endringar i plan for eigarskapskontroll dersom det er føremålstenleg og kostnadseffektivt (for eksempel ved samordning med andre eigarkommunar).
5. Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om eigarskapskontroll skal omfatta rein eigarskapskontroll eller om kontrollen også skal omfatte forvaltningsrevisjon etter § 23-3.
6. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om utført eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon. Rapportering skal gjerast etter gjennomført eigarskapskontroll i det enkelte selskap. Samlerapport om utført og igangsatt kontroll og revisjon vert rapportert årleg gjennom kontrollutvalet si årsmelding.
7. Kontrollutvalet sitt sekretariat skal sørge for at selskap som er aktuelle for eller omfatta av plan for eigarskapskontroll får naudsynt kjennskap til kva eigarskapskontroll omfattar.
8. Innkalling med sakliste og sakspapir til representantskapsmøte og generalforsamling i selskap som er aktuelle for kontroll skal sendast kontrollutvalet sitt sekretariat (post@kontrollutvalgene.no) og kommunen sin valde revisor samtidig som innkalling vert sendt ut til dei faste medlemmane av representantskapet og generalforsamlinga.
9. Kontrollutvalet avgjer sjølv korleis kontrollutvalet si deltaking på representantskapsmøte og generalforsamling skal gjennomførast. Kontrollutvalet kan samordne slik deltaking med andre eigarkommunar dersom dette er føremålstenleg.
10. Selskap som er aktuelle for eigarskapskontroll og/eller forvaltningsrevisjon skal sende kopi av oppdatert firmaattest til kontrollutvalet sitt sekretariat. Nyetablerte selskap sender kopi av firmaattest når denne ligg føre. Selskapa skal også sende kopi av selskapet si årsmelding og revisorattestert årsrekneskap når dette ligg føre.
11. Eigarskapskontroll vert gjennomført av den kontrollutvalet gjer i oppdrag å gjennomføre kontrollen.
12. Disse retningslinjer trer i kraft når kommunestyret har slutta seg til dei. Retningslinjene skal reviderast ved endringar i lov eller forskrift og evaluerast samtidig med revidering av plan for eigarskapskontroll.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyret	27.10.20	
Kontrollutvalet	14.10.20	29/20
Kontrollutvalet	09.09.20	24/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie/Toril Hallsjø	033	

VAL AV REVISJON FRÅ 01.07.21 – KONKURRANSEBASERT ELLER INTERKOMMUNALT SAMARBEID – 2. GONGS HANDSAMING

Sekretariatets forslag til vedtak:

ALTERNATIV A

Vindafjord kontrollutval vil tilrå Vindafjord kommune å **velje interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Sak om innhaldet i samarbeidsavtalen vert lagt fram for utvalet før oppstart.

og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vel å gå inn i eit **interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Rådmannen legg fram sak om den nye selskapsavtalen og finansiering av innskot seinare i haust eller på nyåret 2021.

ALTERNATIV B

Vindafjord kontrollutval vil tilrå Vindafjord kommune å **fortsetje og kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tenesta i nytt anbod hausten 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knytter til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21.

I konkurransegrunnlaget settast det opp følgjande **tildelingskriterier**:

- ☐ pris 35 %
- ☐ kvalitet 65 % (spesifiserast nærmare vedk. kompetanse, erfaring og løysingsforslag).

I fastdelen inngår hovuddel av rekneskapsrevisor sine oppgåver, dvs. revisjon av årsrekneskap, forenkla etterlevingskontroll, diverse attestasjonar, spillemiddelrekneskap, finansreglement, lån, bebuarekneskap, EU-prosjekter, osv. (spesifiserast nærare i konkurransegrunnlaget).

I timebetalt oppdrag inngår bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Fullstendig beskrivelse av leveransen vil følgje i «kravspesifikasjon».

Estimert verdi på avtalen er samla 0,5 mill. kroner årleg. Total kontraktsverdi er ca. 2 mill. kroner.

Desse beløpa beror på estimatar med bakgrunn i historiske tall og skal ikkje medføre nokon forpliktelsar for oppdragsgjevar eller rettigheter for tilbydar. Det tas forbehold om endringar i volum som følgje av endra økonomiske rammevilkår, prosjekter og kommunal aktivitet.

Rammeavtalen trer i kraft frå 01.07.21 og varer til 30.06.25. Oppdragsgjevar vil ha en opsjon på å forlengje avtalen i ytterlegare 1 + 1 år, i henhold til dei vilkår som er avtalt i kontrakten.

og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vel å fortsetje og **kjøre alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tjenesten i nytt anbud hauste 2020.

